


OSTERØY KOMMUNE



**ØKONOMIPLAN MED HANDLINGSPROGRAM
2014 – 2017**

**Vedteke i heradsstyret
HS-sak 033/13**

Innhald

Innleiing	4
Rådmannens føreord og vurdering	5
Overordna styringssystem og føresetnadar for økonomiplanen.....	8
Årshjul	10
Overordna visjon og målsettingar	11
Strategiske mål 2014-2017	11
Visjon og verdiar for den kommunale organisasjonen.....	12
Målstyring	13
Bakgrunn og status for budsjett- og økonomiplanarbeidet	13
Folkesetnad og samfunnsutvikling	15
Utbyggingsmønster og utviklingstrekk	17
Nye kommunikasjonar	18
Endring av utbyggingsmønster - stadutvikling	18
Trekk i den økonomiske utviklinga for Osterøy kommune	21
Kostnadsindeks.....	21
Lånegjeld	22
Netto driftsresultat – utvikling 2006 – 2013	23
Driftsbudsjettet – økonomiske rammer	24
Inntektsutvikling.....	24
Utgiftsutvikling	26
Helse, omsorg og sosial.....	28
Samhandlingsreforma.....	30
Osterøytunet	33
Heimetenesta	35
Bu- og avlastningstenesta.....	36
Rus/psykiatri.....	37
Brukarstyrt personleg assistent.....	38
Støttekontakt.....	38
Omsorgsløn	39
Ergo- og fysioterapi.....	39
NAV Sosialtenesta	40
Legetenesta.....	42
Tiltaksplan for kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial.....	43
Oppvekst, undervisning og kultur	48
Barnehage.....	50
Grunnskule	51
Skulefritidsordninga	56
Vaksenopplæringa	57
Kultur og kulturskulen	58
Bibliotek	58
Familiens hus.....	59
Miljø og teknikk	61
Brann og redning	62
Teknisk forvaltning	63
Drift	64

Stabsseksjonar	66
Plan.....	67
Service, informasjon og dokument.....	68
Politisk-adm. sekreteriat.....	69
Løn, personal og organisasjon.....	70
Økonomi.....	70
Reinhald	71
Samfunnsmedisin	72
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	72
Klima og miljø	72
Sentrale postar	77
Investeringar 2014-2017	78
Obligatoriske oppstillingar	84

Innleiing

Rådmannen legg fram forslag til økonomiplan for 2014-2017 for kommunen si verksemd til handsaming i formannskapet.

Som i fjor, er det i arbeidet med økonomiplanen lagt vekt på eit klårt skilje mellom økonomiplan og budsjett. Dette er ein økonomiplan for 2014-2017, medan det til hausten vil verte arbeidd med årsbudsjett for 2014.

Arbeidet med Handlings- og økonomiplanen har vore ein administrativ prosess fram til rådmannen sin presentasjon av framlegget til økonomiplan for 2014-2017.

Handlings- og økonomiplanen skal syne dei økonomiske utfordringane og konsekvensane for kommunen dei neste 4 åra. Ei prioritering av framtidige investeringar og driftsendringar, samt ei årleg rullering av dei einskilte fag-, kommunedel,- og temaplanar sine handlingsprogram basert på tildelte rammer. Det må poengterast at tidsfesta målsetjingar og tiltak skildra i teneste-/sektorkapitla baserer seg på dei planlagde føresetnadene i høve til inntektsnivå og gjennomføring av underskotsdekning. Avvik frå dei økonomiske føresetnadene vil i mange tilfelle kunne gje avvik i høve til framdrift på tiltak og målsetjingar i økonomiplanen.

Økonomiplanen er ferdig saldert, slik det er krav om.

I Økonomiplanen er det nytta lite tal. Mykje av talgrunlaget for analyser finn ein i Årsmelding 2012 og Kommunebarometeret.

Rådmannens føreord og vurdering

Ei svært viktig målsetjing er at ein gjennom økonomiplanarbeidet evner å gjere prioriteringar som er førande for planperioden. Lojalitet til økonomiplan frå både politikarar og tilsette er viktig, slik at ein oppnår ein planmessig og ønskt utvikling innanfor sentrale område, og på ein slik måte at ein når nødvendige og realistiske mål for den økonomiske utviklinga som eit rammeverk for å utvikle gode tenester.

Mellom anna skal økonomiplanen vere førande for den løpande budsjetteringa i perioden, og vere førande for dei budsjettframlegga som rådmannen fremjar for formannskapet. Likevel er det naudsynt å vurdere påkrevde endringar i høve til det som til ei kvar tid er innarbeidd i økonomiplanen. Det er òg viktig at ein gjennom avklaringar og prioriteringar evner å klargjere kva kommunen sine innbyggjarar, tenestemottakarar og tilsette kan vente seg.

Rådmannen har vurdert den økonomiske stoda basert på rekneskapen for 2012 som gav eit svakt resultat og basert på stoda i 2013. Det vert såleis vist til 1. tertialrapport 2013 som skildrar ein vanskeleg økonomisk situasjon. Det er såleis eit klart behov for innstrammingar der strukturendring innan skule, som er vedteke i HS-sak 008/13, har synt seg naudsynt for å møte dei utfordringane ein står ovanfor både økonomisk og i høve til tenesteyting. Erfaringar tilseier at realitetane i framtida aldri vert slik ein ventar og planlegg, og at ein difor må ta høgde for at det kjem nye og fleire utfordringar å handtere. Dette medfører mellom anna at det vil vere behov for å legge til grunn å halde eigedomsskatten på same nivå som i dag i heile planperioden. Fyrst når kommunen har gjennomført og implementert dei store endringane som ligg føre, har nedbetalt oppsamla underskot, og har ei reell drift med balanse mellom inntekt og utgift, bør ein vurdere å nedjustere eigedomsskatten. Dersom det skulle verte vanskar med å klare planlagt inndecking av underskotet i løpet av 2014, men ser at ein har klart å nedjustere driftsnivået slik at ein har balanse mellom utgift og inntekt, bør ein i planperioden òg kunne vurdere å auke eigedomsskattesatsen mellombels. Kommunen kan då gjennomføre underskotsdekning utan å måtte ytterlegare kutte i tenestenivå og kvalitet. Dette er ikkje innbakt i planen, men er ein vurdering som kan takast med i framtidig rullering av økonomiplan og budsjett.

Økonomi og struktur

Budsjetta og økonomiplanane dei seinare åra har hatt fokus på å rette opp ubalansen i kommunen sin økonomi. I så måte vart både 2011 og 2012 eit tilbakesteg, der ein ikkje klarte dei økonomiske måla som var sett. Det var lagt til grunn å dekke inn oppsamla underskot i løpet av 2012, dette vart endra til 2013 og så vidare til 2014.

Økonomiplanen for 2014-2017 tek sikte på å vidareføre arbeidet mot ein balansert og sunn økonomi. Det er høgt prioritert å dekke oppsamla underskot, leggje grunnlaget for ei drift med løpande balanse mellom utgifter og inntekter, samt skape rom for å byggje økonomisk buffer mot svingingar, uføresette hendingar og kunne eigenfinansiere delar av investeringane. Grunnlaget for å klare dette er no betre og meir konkretisert.

Innanfor sektor Oppvekst, undervisning og kultur er det vedteke ny skulebruksplan med ny skulestruktur og det vert innført ny metode for tildeling av midlar til drifta av skulane. Dette

gjev både eit konkret utgangspunkt og mål for arbeidet, men det er store endringar som vil ta fleire år å gjennomføre, og med mellombelse løysingar undervegs.

Innanfor sektor Helse, omsorg og sosial er det gjennomført omorganisering av heimetenestene våren 2013, med heile tenesta lokalisert i Lonevåg. Samstundes reduserast nivået på heimetenestene. Dette er store endringar som det vil ta tid å få implementert og stabilisert.

I endringane inngår òg forvaltningsdelen med målsetjing om å betre systema rundt sakshandsaming og vedtak.

I eit slikt perspektiv med mange endringar som skal implementerast, vil det vere større usikkerhet enn vanleg om drifta og utgiftsnivået i planperioden. Det er likevel ein klar positiv utvikling økonomisk sett på bakgrunn av vedtak om endringar som skal gjennomførast, og tiltak som alt er iverksett og skal gje verknader dei komande åra.

Tenesteutvikling og ressursutnytting

Rådmannen vil peike på at det er viktig å både effektivisere og utvikle tenestene. Dette kan gjennomførast ved å utnytte nye verktøy og system. Vidare er det viktig å ha fokus på førebygging og tidleg innsats i tenestene samt å tilpasse tenestestrukturen til den lokale geografien, demografien og endra føresetnadar for tenestene. Førebygging og tidleg innsats i tenestene kan ha ein auka kostnad på kort sikt når ein samstundes har auka kostnader til førebygging og tidleg innsats **og** kostnader som følgje av manglande førebygging og tidleg innsats tidlegare. Ein får såleis ein kortsiktig auka kostnad, men har tru på langsiktig vinst og positive verknader.

Når det gjeld tenestestrukturane er det viktig å fokusere på tilrettelegging for best mogleg tenester i høve ressursinnsatsen på bakgrunn av behov og utfordringar slik dei ligg føre i dag, utan å vera bundne av tidlegare val og prioriteringar. Framtidsretta løysingar må søkast i størst mogleg grad. Lukkast ein ikkje med eit slikt fokus vil resultatet kunne verte lite målretta tenester med høge kostnader i høve til omfang, kvalitet og resultat. Gjennomføring av ny Helse og omsorgsplan og arbeidet med å få på plass ei god "omsorgstrapp" vil såleis vere eit viktig bidrag i dette arbeidet.

Ny skulebruksplan med fokus på tilrettelegging for behova framover i tid, synast å vere avgjerande for å kunne yta tilstrekkelege tenester i grunnskulen med alle utfordringar og behov som skal stettast innanfor det økonomiske handlingsrommet til kommunen. Vedtak i heradsstyret er gjort og det må arbeidast målretta med å gjennomføre vedtekne tiltak, samt å realisere målsetjingane med vedtaket. Dette er ein prosess som er i gang og vil prega heile planperioden.

Befolkningsvekst

2012 viste ei befolkningsvekst på over 2 %. Tida vil vise om dette er eit blaff eller starten på ein tydeleg vekstperiode. Det har i mange år vært snakka om auka befolkningsvekst når bompengane forsvinn. Truleg er det like viktig at det finnast bustader og bustadtomter tilgjengeleg. Om Osterøy ønskjer å ta del i den venta befolkningsauken i Bergensregionen, lyt ein få planlagt og realisert bustadfelt og bustader for ulike behov. Det er for augneblinken mange private planar under utvikling.


For å støtte ei slik utvikling, og sikre ei overordna god utvikling av bustadmiljø, er det naudsynt at kommunen har kapasitet til å handtere dette trykket. I fyrste omgang vil det verta plankapasitet. Seinare vil det vere viktig å ha eit godt oppmålingsvesen og god kapasitet på byggesak. Dernest vil dei fleste tenestene i kommunen oppleve vekst i talet på tenestemottakarar, særleg innan barnehage, skule og helsetenesta.

Det er òg viktig at kommunen fylgjer opp og byggjer ut kommunal infrastruktur til nye felt, slik at tilgang til VA-infrastruktur ikkje blir ein bremsesko for å realisere planar som er under arbeid.

Overordna styringssystem og føresetnadar for økonomiplanen

Økonomiplanen sitt forhold til kommunen sitt plansystem

Alle kommunar skal gjennomføre planlegging med sikte på å samordne den fysiske-, sosiale-, økonomiske-, estetiske- og kulturelle utviklinga i kommunen. Planlegginga skal ha ein langsiktig og ein kortsiktig del



Planstrategi

Plan- og bygningslova slår fast at alle kommunar skal utarbeide ein planstrategi minst ein gang i kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering av nytt heradstyre. Planstrategi er eit *nytt* element i planlova og er ein plan for kva planar som skal utarbeidast og når planar skal rullerast. Planstrategi for Osterøy vart vedteke hausten 2012. Planstrategien vil årleg bli fylgt opp i økonomiplan og budsjett.

Kommuneplan – strategisk del (langsiktig del)

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan som synar korleis kommunen ynskjer å utvikle seg. Kommuneplanen er delt inn i ein samfunnsdel og ein arealdel. Kommuneplanen sin arealdel vart vedteke i 2011, medan samfunnsdelen vart vedteke i 2003. Planane skal innehalde ein handlingsplan med tiltak som skal gjennomførast i ein 4- årsperiode.

Kommunedelplanar / temaplanar (langsiktig del)

Det vert utarbeid kommunedelplanar innafør avgrensa områder av den kommunale forvaltninga for å ivareta langsiktig planlegging og prioritering. Planane skal innehalde ein handlingsplan med tiltak som skal gjennomførast i ein 4- årsperiode.

Økonomiplan

Økonomiplanen skal fylgje som eit resultat av langtidsprogrammet og innehalde:

1. Ressursar for gjennomføring (langtidsbudsjett).

2. Styringsindikatorar som direkte eller indirekte skal sei noko om utvikling av kvaliteten på tenesta. Det skal vera sett langsiktige mål for styringsindikatorane.
3. Prioriterte tiltak frå politisk vedtekne planar og når desse skal gjennomførast. Tiltaka skal hentast frå temaplanar og kommunedelplanar eller på anna måte ha ei politisk forankring. På den måten vil ein få ein form for rullering av handlingsprogramma i forhold til dei økonomiske rammene.

Økonomiplanen har eit 4 års-perspektiv og skal opp til ei samla vurdering ein gong i året.

Økonomiplanen er eit sjølvstendig dokument, med eigen administrativ og politisk handsaming i forhold til dei årlege budsjetta.

Årsbudsjett

Årsbudsjettet er ein detaljplan over den kommunale drifta og investeringar det kommande året. Årsbudsjettet skal bygge på økonomiplanen og realisere dei mål og tiltak som er synleggjort der.

Handlingsplanar

Tiltak i handlingsplanar frå kommuneplan, kommunedelplanar og temaplanar skal takast med i økonomiplanen. Når ein tenker å prioritere planlegging og gjennomføring/realisering av tiltaka skal skisserast.

Verksemdsplan


I budsjettet vil kvar teneste ha korte verksemdsplanar med tiltak innanfor det aktuelle budsjettår.

Årsmelding

Årsmeldinga skal summere opp året som er gått og synleggjere korleis kommunen sine ressursar er brukt og kva mål som er innfridd. Årsmeldinga skal også byggje på ein revisorgodkjent rekneskap.

Årshjul

Her er eit årshjul for noko av dei aktivitetane som er felles for heile kommunen. Tanken er at ein både skal vise saksgangen frå forskjellige administrative nivå til politisk nivå. Samstundes skal årshjulet gi dei enkelte moglegheit til å forstå noko om når prosessar startar opp, og korleis dei må planlegge i forhold til dette. Dette gjeld fleire interessegrupper, både dei som produserer innhald, dei som ynskjer å komme med idear/påverke og dei som tar avgjersler.



Teiknforklaring:

R - Rekneskapsavslutning	ØP - Økonomiplan
Å - Årsmelding	B - Budsjett
K - Kostra-rapportering	MSP - Medarbeidarsamtale, planlegging
T1 - Første tertialrapport	MSGj - Medarbeidarsamtale, gjennomføring
T2 - Andre tertialrapport	VR - Vernerunde
M - Månadsrapportering	

Overordna visjon og målsettingar

Kommunen sin overordna visjonar og målsettingar er nedfelt i kommuneplanen. Kommunen sine overordna visjonar er:

- Osterøy skal vera ein god kommune å veksa opp i der innbyggjarane i alle livsfasar vert sikra høg livskvalitet og gode bumiljø.
- Osterøy kommune skal ta vare på og vidareutvikla sin særprega nærings- og busetnadsstruktur.
- Osterøy skal vera ein føregangskommune når det gjeld tenesteyting, økonomisk forvaltning og kommunikasjon i ein desentralisert struktur.

Få å kunne oppnå desse visjonane, har ein i kommuneplanen definert prioriterte oppgåver/mål innom følgjande 5 tema/område:

- Senterstruktur
- Bustadreising
- Kommunikasjonar
- Barn og unge
- Økonomi

Strategiske mål 2014-2017

Oppsamla underskot frå tidligare år, legg press på kommunen sitt økonomiske handlingsrom og avgrensar kommunen sin innsats på ulike område. Framover vil ein særskilt prioritere å sikre økonomisk handlefridom ved å nedbetale oppsamla driftsunderskot og sikre ein sunn økonomi. Det vil gje rom for, og er ein klar føresetnad for, å kunne innfri andre politiske mål slik dei kjem fram i politisk vedtekne planar på ulike område . Handlingsprogramma i planane gjer greie for målsettingar og tiltak.

Kommunal planstrategi for Osterøy kommune vart vedtatt 7.november 2012. Planstrategien vurderar behovet for planar i valperioden og setter opp ei prioriteringsliste. Lista er ikkje uttømmende, då andre planar av ulike omsyn kan verte prioritert. T.d kan ein i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel sjå behovet for oppstart av ein temaplan der planprosessane vil ha positiv vekselverknad på kvarandre. Endringar t.d i lovverk/retningsliner eller støtteordningar kan og endre biletet. X markerar formell oppstart.

Plan	Merknad	2012	2013	2014	2015	2016
<i>Kommuneplanen</i>						
Kommuneplanen sin samfunnsdel	Ny (delvis rullering)		X			
Kommuneplanen sin arealdel	Mindre justering		X			
<i>Kommunedelplanar</i>						
Kdp helse, omsorg og sosial	Vedtatt	X				
Kdp vassforsyning	Legges fram til vedtak 19.06.13					
Kdp oppvekst			X			
Kdp strandsone og kystsoneplan	Ny – rullering			X		
<i>Reguleringsplanar</i>						
Valestrand	Under arbeid					

Lonevåg			X			
Haus				X		
Åsheim				X		
Temaplanar						
Vedlikehald av kommunale bygg	Ny	X				
Kommunale vegar	Ny		X			
Trafikksikringsplan	Fått 100 000 i tilskot frå HFK		X			
Skogsbilvegar	Ny			X		
Avlaup	Rullering			X		
Strategiplan for SMIL	Ny			X		
Næringsplan	Ny			X		
Kulturminneplan	Ny				X	
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Rullering			X		
Plan for Familiens Hus	Ny (tidlegare notat)		X			
Spesialpedagogiske tiltak				X		
Overgangsplan mellom skule & bhg/ skule- vgs	Under arbeid	X				
Skulebruksplan	Rapport frå Norconsult	X				
Plan for kulturskule				X		
Smittevernplan	Vedtatt	X				
Ruspolitisk handlingsplan	Vedtatt	X				
Demensplan		X				
Plan for psykiatri			X			
Habilitering og rehabilitering	Rullering				X	
Lønsutviklingsplan		X				
Seniorpolitisk				X		

Andre aktuelle tema/planar som ikkje er sett opp i matrisa kan vere: Barnehage, slam, forvaltningsplan for Grågå, bibliotek, vaksenopplæring, kultur, opplæringsplan, kompetanseutvikling og arkivplan.

Visjon og verdiar for den kommunale organisasjonen

Til rettleiing i det daglege arbeidet for den einskilde tilsette, både med tanke på samhandling med andre tilsette og med innbyggjarane/brukarane har den kommunale organisasjonen samla seg om ein overordna visjon og 4 verdiar.

Visjon:

Saman om gode tenester

Verdiar:

- Respekt
- Omsorg
- Tydeleg
- Ærleg

Visjonen og verdiane skal gjennomsyre arbeidet til den enkelte tilsette.

Målstyring

Det er framleis behov for oppdatering av målarbeidet i kommunen, der målsetjingar og rapportering på mål vert sett i system på alle nivå. Dette er eit omfattande og viktig arbeid som kommunen vil arbeide vidare med i planperioden.

Målstyringssystemet skal vere både eit styrings- og rapporteringssystem, samt ein metodikk for organisasjonslæring og forbetring. Dette skal skje gjennom dialog med dei sentrale aktørane i verksemda; ”å så ” visjonane, skape dialog rundt kritiske suksessfaktorar på brei basis og vere samde om korleis ein målar resultatoppnåing. Det å gje honnør ved gode resultat og merksemd ved dårlege vil stå sentralt.

Dei einskilde tenestene har utvikla eigne indikatorar som skal bidra til å kunne bedømme ei positiv eller negativ utvikling i tenestekvaliteten. Samstundes har me indikatorar som er like for alle tenestemråde. Dei er:

- Budsjettavvik
- Sjukefråvær
- Alle medarbeidarar skal ha medarbeidarsamtale.

I denne planen er mange indikatorar målsett med eit langsiktig mål (2017) for utviklinga i tenesta.

Bakgrunn og status for budsjett- og økonomiplanarbeidet

Arbeidet med økonomiplanen har vore ein administrativ prosess fram til rådmannen sin presentasjon av framlegget til økonomiplan for 2014-2017.

Lovreglar

Kommunelova set dei lovmessige rammene for kommunen sitt økonomiplanarbeid. Kommunen pliktar til å utarbeide økonomiplan som minimum omfattar dei 4 neste rekneskapsåra, dette er nedfelt i kommunelova § 44.

Føremålet med planen er å kartleggje kommunen sine økonomiske rammer i planperioden, og vise kva som er prioriterte mål og oppgåver for kommunen i den same perioden innanfor dei økonomiske rammene som kommunen har. Det er eit ufråvikeleg krav at inntektene og kostnadene for dei ulike åra i planperioden er i balanse.

Organisering av arbeidet og vedtak

I samband med investeringar har det vore knappe rammer. Den økonomiske situasjonen har medført at fylkesmannen har vore restriktiv i høve til å godkjenne lånefinansiering av anna enn sjølvkostinvesteringar og formidlingslån. I budsjettet for 2013 har fylkesmannen godkjent heile den vedtekne lånefinansieringa i investeringsbudsjettet. Osterøy kommune har ikkje særskilt høg lånegjeld i høve til innbyggjartalet.

Organisatoriske verkemidlar og spelereglar.

Organisasjonen opplever stort press som følgje av tronge økonomiske rammer og krav til omorganisering og effektivisering. Ein naturleg følgje av dette er at ein skilde tilsette kan få endra arbeidsoppgåver. Ein legg vekt på å oppnå eit godt samarbeid med organisasjonane og dei tilsette i eventuelle omstillingssaker.

Fordelingsfullmakter


Dei gjevne rammene for dei ein skilde sektorane er absolutte og det er tidlegare vedteke at overskridingar på eit budsjettområde skal dekkast inn på same budsjettområde. Endringar på rammenivå kan berre gjerast av heradsstyret. Den løpande oppfølginga av budsjettet frå politisk nivå vert tillagt formannskapet. Likevel slik at det minimum to gonger i løpet av budsjettåret skal fremjast eigne saker til heradsstyret som omhandlar kommunen sin økonomiske situasjonen samt kvalitet og omfang på det kommunale tenestetilbodet i høve til vedtekne mål.

I utøving av fordelingsfullmakta kan formannskapet ikkje fatte vedtak som er i strid med budsjett/ økonomiplan fatta i heradsstyret. Dette gjeld både i forhold til dei tala som er vedtekne og dei premissar/vedtak som fylgjer av teksten.

Både formannskapet og rådmannen har eit særskilt ansvar i høve til å avdekkje og setje i verk tiltak, herunder mellombels stoppe tiltak som ein meiner bør handsamast på nytt i heradsstyret på grunn av den økonomiske situasjonen i kommunen. Ved mellombels stopp skal det snarast råd fremjast eigne saker til heradsstyret knytt til dei tiltaka som er sett i verk.

Folkesetnad og samfunnsutvikling


Dei siste åra har folketalet på Osterøy hatt få markante endringar. Folkeveksten har vore jamn, men i 2012 har veksten vore markert høgare enn tidlegare år med 2,0 prosent. Veksten i 2012 kjem som ein kombinasjon av fødselsoverskot på 29 personar, netto innanlands tilflytting på




64 personar og netto utanlandsk tilflytting på 60 personar. Dette gjev ein samla auke på heile 153 personar i 2012 og gjev eit folketal i kommunen på 7674 personar ved utgangen av året.

Befolkningsframskrivingane er henta frå SSB sine generelle framskrivingar. Framskrivningane er bygd opp om forskjellige føresetnader når det gjeld fruktbarheit, levealder, innanlandsk mobilitet og innvandring. Den låge framskrivinga legg låge verdiar til grunn, mens den høge framskrivinga legg høge verdiar til grunn.


Deler vi denne førespegla veksten opp på aldersgrupperingar som er viktige for den kommunale tenesteutviklinga får vi slike bilete om befolkningsfordelinga:



Det er tidleg ein vekst i talet på barnehageborn, mens det er først på lang sikt ein vil få nokre fleire elevar enn kva ein har i dag i Osterøy skulen. Både på kort og lang sikt er det ein vekst i talet på vaksne, noko som skulle tilseie at behovet for bustader vil verta aukande. På kort sikt er det ein nedgang i talet på eldre over 80 år.



Når ein ser på tal med utgangspunkt i middels nasjonal vekst, ser ein dei same utviklingstrekka som for låg vekst, men veksten i dei yngste gruppene og vaksengruppa 20-44 har ei betydeleg høgare vekst.



Ved høg vekst gjentar det same som for middels vekst seg, men med med betydelig høgare befolkning i dei yngste gruppene og i gruppa 20-44 år.

Arbeidsmarknad

Arbeidsløysa på Osterøy er låg. Etter ein liten oppgang i samband med krisa i marknaden rundt 2008, var ein ved utgangen av 2012 attende til eit historisk lågt nivå i kommunen, med ei registrert arbeidsløysa på 1,8 prosent av arbeidstyrken, mens landsgjennomsnittet var på 3,6 prosent. Trass i ei merkbar auke i arbeidsløysa i etterkant av at Borge Garveri måtte leggest ned, veit ein i dag at dei fleste som vart råka av dette er attende i arbeid eller engasjerte gjennom andre tiltak.

Sysselsatte. Inn og utpendling

Osterøy												
I alt, alle næringer												
	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Sysselsatte med bosted i regionen	3426	3462	3461	3422	3530	3521	3672	3798	3824	3835	3753	3829
Sysselsatte som pendler inn i regionen	278	270	277	285	306	329	364	387	412	318	350	412
Sysselsatte som pendler ut av regionen	1295	1341	1365	1422	1462	1469	1501	1643	1623	1656	1676	1652
Sysselsatte med arbeidssted i regionen	2409	2391	2373	2285	2374	2381	2535	2542	2613	2497	2427	2589

Fig. 5. Kjelde SSB. Aldersdefinisjon endra f.o.m 2005 - 16 år < 2005 < 15 år. For årstalet 2003 er det gjort ei revidering av talmaterialet grunna mindre justering av dataproduksjonen.

I regional samanheng er Osterøy ein kommune som leverer mykje arbeidskraft utover sine egne kommunegrenser. Naturleg nærleik og kort avstand til Bergen er med på å forklare mykje av dette. Samtidig har Osterøy framleis mykje av arbeidsstyrken sin knytt opp til handverksyrka. Marknaden for desse strekk seg i stor grad også utanfor kommunegrensene.

Utbyggingsmønster og utviklingstrekk

Osterøy har ein desentralisert næringsstruktur og eit busetjingsmønster med mange bygder og mindre grender. Busetjinga har vore knytt til primærnæringane og er såleis jamt fordelt i dei einskilde bygdelaga. Dei einskilde verksemdene har sterk tilknytning til staden.

Fritidsbustader er òg i stor grad spreidd. Rundt om i bygdene er mange tidlegare bustadhus omgjort til fritidsbustader. Større område for fritidsbustader ligg i hovudsak i Bruvikdalen.

Osterøy har 5 kyrkjer og eit tjuetals lokale kulturhus. Kommunen har i dag 5 barneskular (ein mellombels) og ein ungdomsskule. Det vart opna ny vidaregåande skule på vårparten i 2011. I tillegg har kommunen 2 private barneskular. Den eine ein privat barneskule i Hosanger og ein nyoppretta ungdomsskule på Valestrand. Kommunestyret har i 2013 vedteke ei nedlegging av dei 4 barneskulane Bruvik, Hamre, Hjellvik og Hauge. Bruvik, Hamre og Hjellvik er gjennomført nedlagt. Når nye skulebygg er på plass vil ein ved utgangen av planperioden stå igjen med 4 kommunale barneskular.

Næringslivet på Osterøy har eit desentralisert utbyggingsmønster. Store delar av handverks- og industrimiljøet har utvikla seg over tid frå handverk til industri. Gjennom innspel til kommuneplanen og ulike reguleringsplanar dei seinare år har det kome fram ein stor trong for utvidingsareal for verksemdar i kommunen. Med vedteken kommuneplan i 2011 har aktiviteten knytt til fleire av desse lokalitetane auka og ein vil sjå ei aukande materialisering av nye områder i tida framover. I kommunal arealstrategi har ein lagt til rette for utvikling av stadbunde verksemdar. Samstundes er det eit mål for Osterøy å leggje til rette for større samanhengande næringsareal. Dette er tiltenkt både nyetableringar og verksemdar frå Osterøy, samt bedrifter utanfor kommunen som har trong for, og ser verdien og nytteeffekt av, relokalisering og samlokalisering med andre verksemdar.

Kommunedelplan Hauge, vedteken i 2006, la til rette for næring og bustadbygging på Hauge. Dette området er i ferd med å fyllast opp og i 2010 starta arbeidet med å leggje til rette for nye næringsareal. Især det nye næringsområdet ved Espevoll er det knytt store forventningar til. Dette er eit areal med god lokalitet for lokalt næringsliv, samtidig som det vil ha eit godt potensiale for å trekkje Osterøy inn som ein fullverdig aktør og tilbydar i ein regional samanheng.

Nye kommunikasjonar

Nye kommunikasjonar har skapt endra utbyggingsmønster og kortare avstandar. I 1997 fekk Osterøy brusamband til Bergen. Ei vidareutvikling av traseen opp Vesetgjelet er under arbeid og vil betre vegsituasjonen vidare mot Hannisdalslina, som vart opna i 2002 og gjorde Hauge til trafikknutepunkt. Bygging av Ny riksveg Hauge –Lonevåg starta hausten 2009, og hausten 2011 vart tunellen mellom Hauge og Lonevåg ferdigstilt og opna. Den tidlegare hovudåra mellom Lonevåg og Hauge, via Revheim, er dermed ikkje lenger trafikkbelasta i same grad som tidlegare.

Endring av utbyggingsmønster - stadutvikling

I lys av dei nye kommunikasjonane ser ein ei dreining mot fortetting og vekst i områda som er knytt nærare fastlandet med bru og ferje. Aksen Lonevåg, Espevoll og Haus er i utvikling, særleg gjennom det komande næringsområdet på Espevoll, og gjennom at ein i kommuneplanen har vedteke at bustadfeltet på Åsheim kan opnast for detaljregulering. Samtidig er ein akse frå Valestrand, via Hauge, mot Lonevåg i stadig framvekst. Desse områda har hatt jamn vekst og skil seg frå dei mindre bygdene i storleik og servicetilbod. Ved utvikling av Loftåsfeltet er den opplevde avstanden mellom Hauge og Valestrand minka. Samtidig er det ny aktivitet knytt til utbygging av bustadar på Rundhovde. Med senter i Lonevåg ser ein ei tydeliggjering av den vidare aksedanninga mot Hosanger, Valestrand og Haus/Åsheim.




Fig. 7. Tendens til aksedanning basert på innspela i forbindelse med rullering av kommuneplanen og faktisk lokalisering av bustad og næring

I arealstrategiane som er vedteke i samband med rulleringa av kommuneplanen, er det sagt at Valestrand og Hauge vert å betrakte som eitt områdesenter. Ein har i planprosessen vurdert desse endringane og ein ser det positivt med vekst i avgrensa områder, då dette òg kan halde på den sterke identiteten knytt til dei mindre bygdene. I motsett fall kan ein få ei utvatning av desse.

Geografisk ligg kommunesenteret sentralt i høve dei fleste bygder og områdesentra. Såleis utgjør Lonevåg eit viktig knutepunkt i eit skilje mellom spreidd bygdestruktur og framveksten av områdesentra som tettstader. Dette inneber at ein særleg i Lonevåg og Valestrand/Hauge vil ha fokus på tettstadutvikling som inneber mellom anna fortetting og blanda føremål av bustad og næring, samt utvikling av kultur- og fritidstilbod som skal tene alle innbyggjarar.

For å ta i mot denne veksten er det lagt til rette areal for utbygging, samstundes som ein fokuserer på å utvikle den særneigne identiteten til tettstadene. For å oppretthalde den spreidd bygdestrukturen parallelt med dette, har ein i rulleringa av kommuneplanen sikra tilgjengeleg bustadareal og gode oppvekst- og lokalmiljø. Haus er det områdesenteret som lenge ikkje har hatt realiserbare byggjeområde. Det har i gjeldande plan lege inne to framtidige bustadområde som har synt seg vanskeleg å realisere både ut frå kulturminne- og jordbruksinteresser. Med nedbetaling av brua ser ein for seg eit betydeleg større press i dette området.

Privat næringsliv står sterkt i Osterøy. For 2012 har næringslivet halde seg stabilt utan dei store svingingane i høve til føregåande år. Til gjengjeld kan det virke som om aktiviteten er aukande med omsyn til utvikling og etablering. Noko av dette kan skuldast at kommuneplanen vart vedteken ved inngangen av året og har skapt ein meir forutsigbar situasjon. Samtidig er det eit klart inntrykk at aktiviteten kan sjåast i samband med at ein nærmar seg planlagt nedbetaling av Osterøybrua og optimisme knytt til dette.

I kommunal planstrategi, utarbeidd og vedteke i 2012, vert det fokusert på utvikling og revitalisering av områdesentra i kommunen. Ein har under arbeid ein områderegulering av Valestrand sentrum, medan oppstart av områderegulering for kommunesenteret Lonevåg er sett til 2013. Arbeidet med Haus og Åsheim vil, i fylgje planstrategien ha oppstart i 2014.

Andre private pågåande planprosessar er:

PÅGÅANDE PRIVATE REGULERINGSPLANAR I OSTERØY KOMMUNE;

Fugledalen – bustad (vel 190 einigar)

Fotlandsvåg – bustad/kontor/foretning

Hoshovdstølen – bustad (vel 40 einigar)

Heldal (lagt ut til offentleg ettersyn) – hytter (62 einingar)

Reguleringsendring Lonevåg sentrum – bustad / kontor / forretning / tenesteyting

Loftås B5-B8 – Bustad (vel 100 einingar)

PRIVATE REGULERINGSPLANAR SOM HAR GJENNOMFØRT OPPSTARTSMØTE, MEN SOM IKKJE ER KUNNGJORTE;

Holmane Næring, Fotlandsvåg – næring

Hauge sentrum – bustad / forretning / kontor

Holedalen- næring


Borge – bustad (vel 40 einingar)
Hamre – bustad
Vevle – bustad (har bestilt oppstartsmøte)
Lammaneset – fritidsbustad, kai
Bruvik- Norsk-Koreansk kultursenter

Trekk i den økonomiske utviklinga for Osterøy kommune

Kostnadsindeks

Kostnadsindeksen syner kostnadsbehovet for kommunane basert på dei kriteria som KRD nyttar i utgiftsutjamninga i rammetilskotet. Det er 25 kriterium som er brukt i utgiftsutjamninga. Det er folketallet i ulike aldersgrupper, samt ulike demografiske og sosiale kriterium, som har ulik vekting i høve til kor mykje KRD legg til grunn at dei ulike kriteria betyr for økonomien til kommunane. Diagrammet syner kostnadsindeksen for kommunane i Nordhordland.

Osterøy kommune har ein indeks på 105 i 2013. Det betyr at det vert lagt til grunn at det er 5 % dyrare å driva Osterøy kommune enn ein gjennomsnittskommune som vil ligge på 100.



Såleis burde kommunen ha 5 % høgare inntekt enn gjennomsnittskommunen for å kunne gje eit likeverdig tenestetilbod, men tabellen under frå Kommuneproposisjonen 2014 indikerer at det ikkje er tilfellet.

Tabellen syner nivået på dei største inntektene til Osterøy synt mot kommunane i Nhl og Hordaland samla. (Frie inntekter = skatt og rammetilskot). Korrigert frie inntekter inkl eigeidomsatt og konsesjonskraft i Osterøy kommune utgjer kun 97 % av gjennomsnittet

Kommune	Korr. frie inntekter ekskl. eiendomsskat t og konsesjonskraftinntekter	Korr. frie inntekter inkl. eiendomsska tt og konsesjonskr aftinntekter	Utbytteinntek ter i pst. av korrigerte frie inntekter
1253 Osterøy	96	97	0,4
1260 Radøy	97	98	2,5
1256 Meland	98	99	0,5
1263 Lindås	98	114	1,6
1264 Austrheim	108	114	2,5
1265 Fedje	121	126	2,9
1266 Masfjorden	107	140	1
1252 Modalen	131	240	0,1
Hordaland	100	101	1,8

Tabellen under syner brutto driftsinntekt pr innbygger i 2012, dvs alle inntektene samla delt på talet på innbyggjarar.

	Kr pr innb
Osterøy	65 839
Landet utan Oslo	67 378
Differanse	-1 539

Dersom ein legg til grunn eit innbyggartal på 7 600, vil differansen utgjere om lag kr 11,7 millionar i årsinntekt i høve til gjennomsnittet for landet (utanom Oslo). Tek ein omsyn til at Osterøy i tillegg er 5 % dyrare å drifte enn gjennomsnittet, ser ein at kommunen har ein betydeleg utfordring i å kunne gje eit like godt tenestetilbod som gjennomsnittskommunen.

Lånegjeld

Oversyn over lånegjeld eks formidlingslån:


	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Lånegjeld 1.1	234 746	244 297	262 982	277 062	303 612	366 512	397 462
Låneopptak	21 100	27 260	23 080	36 550	75 400	44 450	29 550
Avdrag	-11 549	-8 575	-9 000	-10 000	-12 500	-13 500	-14 500
Lånegjeld 31.12	244 297	262 982	277 062	303 612	366 512	397 462	412 512

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt:

Osterøy kommune har ikkje særskilt stor lånegjeld i høve til storleiken på kommunen. Heller ikkje i høve til inntektsnivået. Diagrammet syner at me ligg midt i sjiktet i regionen når det gjeld lånegjeld i % av

inntekt. Det er såleis ikkje dette området som er hovudårsaka til den vanskelege økonomien til kommunen, samanlikna med andre kommunar. Det er likevel svært viktig å ha fokus på lånegjelda, då den gjev eit vesentleg "bidrag" til årleg utgift for kommunen. I 2012 var samla rente- og avdragsutgift om lag kr

19,9 millionar. I 2011 var tilsvarende om lag kr 22,2 millionar. Dette er såleis ein stor utgiftspost for kommunen. Med aukande rentenivå i åra som kjem vil denne posten kunne auka kraftig. Ein renteauke med 1 prosentpoeng vil auke årleg renteutgift med omlag kr 2,7 millionar med gjeldsnivået i dag. Med aukande lånegjeld vil effekten av renteauke verte ytterlegare forsterka.



Med bakgrunn i at kommunen ikkje har stor lånegjeld samanlikna med andre, vil det kunne vera rom for å lånefinansiere utgifter til investeringstiltak som er føremålstenlege og nødvendige for drifta til kommunen, og særleg til tiltak som kan gje innsparing samla for kommunen. I denne samanhengen er det viktig å ha ein lang tidshorisont, og søkje framtidretta løysingar som òg kan spara kommunen for utgifter lenger fram i tid. Dette er ei vanskeleg øving, men viktig å vera bevisst på i samband med planlegging av tenester og struktur i kommunen i åra som kjem. Prinsipielt er det lagt til grunn at det i hovudsak vil vere økonomisk gunstig at kommunen nyttar egne anleggsmidlar, t.d. bilar og bygningar i staden for å leige tilsvarende. Dette vil medføre auka investeringsutgifter, men vil òg redusere samla utgift i driftsrekneskapen. Det er likevel viktig å vere merksam på at lønsemda med lånefinansiert investering for å redusere driftsutgifter vil vere dårlegare jo høgare rentenivået vert.

Ein stor del av auken i lånegjeld i åra som kjem har samanheng med endring i skulestruktur som er vedteke i heradsstyret, og som medfører behov for investeringar i skulelokale. Kr 60

millionar av investeringsutgiftene i planperioden er knytta til dette. Investeringane skal gje driftsmessige innsparingar, men det er viktig å vere merksam på at ein kan verte meir sårbar i høve til endring i rentenivået. Ei løysing på auka renterisiko kan vere fastrenteavtalar. Tala er stipulerte. Ein vil komme tilbake til konkrete behov i samband med eigne saker til heradsstyret knytta til utbygging, slik det òg er føresett i vedtak om ny skulemodell (HS-vedtak 008/13).

Ein skal òg vere merksam på at mykje av auken i lånegjeld knyt seg til sjølvkostområda vatn og avlaup. Det er planlagt store naudsynte investeringar i åra som kjem. Når det gjeld desse investeringane og låneopptaka, vert ikkje kommunen så sårbar for renteauke som for anna lånefinansiert investering, då renteutgift knytta til sjølvkostinvesteringar inngår i grunnlaget for utrekning av årsgebyr frå abonnentane. Såleis vil ein med auka renteutgift òg få auka gebyrinntekt.

Fondsreservar

Osterøy kommune har i mange år slite med budsjettbalansen og dei årlege rekneskapsmessige resultatane. Som følge av dette er fondsreservane brukt opp, og ein har ikkje frie driftsmidlar tilgjengelege som kan nyttast som buffer i høve til negative overraskingar i drifta i einskildår, eller nyttast som finansiering av særskilte tiltak utover budsjettet omfang på tenestene, når det syner seg behov for dette. Det vil vera svært gunstig for den løpande drifta og styringa for kommunen å kunna balansere drifta med avsette midlar framfor å måtte kutte på drifta så snart ein får avvik i høve budsjettet. Ved varige negative avvik, vil ein i alle høve måtte tilpasse driftsnivået, slik at ein driv økonomisk forsvarleg.

Økonomiplanen har ei målsetjing om å skape gode driftsresultat slik at kommunen klarar å dekkje oppsamla underskot i løpet av 2014, samt, i løpet av planperioden, dekkjer alle løpande utgifter gjennom løpande inntekter i drifta.

Netto driftsresultat – utvikling 2006 – 2013

Tabellen under syner utviklinga i netto driftsresultat 2006 – 2013. I 2013 er det synt opphavleg budsjett, medan dei førre åra syner rekneskapstal.

(i mill. kr)	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Bud 2013
Nto dr.resultat	3,7	-1,4	-18,1	3,6	16,1	-7,4	-0,1	7,0
I prosent	1,2	-0,4	-4,9	0,9	3,8	-1,6	0	1,4

Tabellen syner at det er store variasjonar i netto driftsresultat, og ein markert betring i 2009 og 2010. 2011 vart eit stort steg tilbake, og syner at det er behov for både stram styring og omlegging av kostnadsstrukturane for å få **varige** gode økonomiske resultat. Netto driftsresultat er ikkje det same som det rekneskapsmessige resultatet (meir- eller mindreforbruk) i årsrekneskapan til kommunen. Netto driftsresultat er resultatet før ein tek omsyn til bruk av fond og avsetjing til fond, samt bruk av mindreforbruk frå tidlegare år eller inndecking av meirforbruk frå tidlegare år. Netto driftsresultat skal såleis syne resultatet av drifta det aktuelle året utan at ein tek omsyn til midlar ein set av til seinare år, eller midlar ein nyttar av resultat frå tidlegare år. Inntekt frå mva-kompensasjon frå investeringar og inntektsføring av premieavvik inngår i netto driftsresultat.

Driftsbudsjettet – økonomiske rammer

Inntektsutvikling

Ved utrekning av inntektssida til kommunen vert det teke utgangspunkt i dei statlege føresetnadene slik det er lagt opp til i Kommuneproposisjonen for 2014.

- For 2014 er det lagt opp til ein realvekst for kommunane på mellom kr 6 milliardar og 6,5 milliardar.
- Det er lagt opp til at mellom 5 og 5,5 milliardar av veksten skal vere vekst i frie inntekter, dette utgjer ein realvekst på mellom 1,6% og 1,8%.
- Veksten er rekna i høve til det nivået som er lagt til grunn i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2013.
- I framskrivinga for Osterøy er det lagt til grunn inntektsvekst i tråd med Kommuneproposisjonen,

Det er lagt til grunn at auken i frie inntekter skal dekkje:

- Meirutgift som følgje av demografi. Anslått til 3,3 milliardar
- Utgifter til styrking av tenestetilbodet


Det er ikkje lagt opp til særskilte endringar i kriteria for fordeling av rammetilskot for 2014.

Skatt og rammetilskot

Kommuneproposisjonen signaliserer ein realvekst i samla frie inntekter for kommunesektoren. Sidan inntektsutjamninga ligg som ein del av rammetilskotet, er det viktig å sjå utviklinga i skatteinntekt **saman med** utviklinga i rammetilskotet. På bakgrunn av ein deflator på 3 % er samla skatt- og rammetilskot for Osterøy kommune rekna til kr 379,2 millionar for 2014, ein auke på kr 14,4 millionar i høve opprinneleg budsjett for 2013. Det utgjer 3,9%.

Utrekning av venta skatt og rammetilskot i planperioden er gjort på grunnlag av

reknearkmodellen til KS og på bakgrunn av tal frå Kommuneproposisjonen. Rammetilskotet inkluderer både inntektsutjamning og utgiftsutjamning mellom kommunane. Inntektsutjamninga skal jamne ut forskjellar i skatteinntekt mellom kommunane, medan utgiftsutjamninga skal jamne ut forskjellar i utgiftsbehov mellom kommunane.



Ei generell problemstilling i høve til budsjettering av rammetilskotet er innbyggjartalet med fordeling på aldersgrupper. Endringar i samansetninga av befolkninga kan gje store utslag på utgiftsutjamninga i rammetilskotet, samt at endra innbyggartal vil gje endra innbyggartilskot.

Det er lagt inn reduksjonar i rammetilskotet for 2014 og 2015. Reduksjonen har samanheng med auke i talet på elevar i privatskule for ungdomstrinnet, noko som gjev trekk i rammetilskotet.

Eigedomsskatt

Med heimel i Eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vart det innført eigedomsskatt på alle eigedomar i Osterøy kommune frå og med 2007.

Osterøy kommune sin sats for bustad- og fritidseigedomar er 4 promille i 2013. Generell sats for andre eigedomar er 7 promille.

I rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for 2014-2017 er det lagt opp til å halde eigedomsskatten på bustad og fritidseigedomar på 4 promille i heile planperioden. Når den løpande driftssituasjonen er slik at kommunen har reell økonomisk balanse og opparbeidd buffer mot uventa hendingar, kan økonomien seiast å vera friskmeldt. Konkret medfører dette å ha ein balansert økonomi utan inntektsføring av premieavvik, utan inntektsføring av mva-kompensasjon frå investering, utan bruk av fondsmidlar og utan føring av ein del årleg gjentakande utgifter i investeringsbudsjettet. Fram til friskmelding vil det vere naudsynt å nytte inntekta frå eigedomsskatten i drifta.

Eigedomsskatten vert rekna på grunnlag av fastsette takstar og årleg vedteken skattepromille. Med uendra skattepromille vil inntekta reelt verte litt "oppspist" år for år, då denne inntekta ikkje aukar i høve til inflasjonen. Same effekt vil det vere "på lommeboka" til privatpersonar som betalar eigedomsskatt. Dersom dei får årleg lønsauke og auka inntekt, vil eigedomsskatten år for år ha mindre betydning for økonomien deira.

Kompensasjon for meirverdiavgift

Ordninga med kompensasjon av meirverdiavgift medfører ein generell kompensasjon for kommunane sine utgifter til meirverdiavgift, med nokre få unntak.

Frå 2010 vart inntektsføring av mva-kompensasjon frå investeringar gradvis endra. 20 % av kompensasjonen i 2010 vart overført til investeringsrekneskapen gjennom ei pliktig overføring, tilsvarande i 2011: 40 %. Dette held fram med 20 % årleg auke fram til 2014 då heile inntekta skal inntektsførast i investeringsrekneskapen.

Renteinntekt, utbytte og verdiauke på fondsplasseringar

Inntektene er i hovudsak knytt til følgjande element:

- * Løpande renteinntekt på likviditet/bankinnskot/pengemarknadsfond
- * Renter av utlån.
- * Provisjon for garantiar til andre
- * Evt utbytte frå BIR AS

Andre generelle statstilskot

Denne posten omfattar i hovudsak kompensasjon frå staten som følgje av at kommunen har bygd ut tenestetilbodet som ein del av statlege handlingsplanar. Dette gjeld mellom anna i høve til eldreforma, psykiatri og grunnskuleforma (skulestart frå 6 år og ikkje 7 år som før).

Årleg kompensasjon er knytta til rentenivået, der husbankrenta gjennom året er grunnlaget for utrekning av årleg kompensasjonstilskot.

Utgiftsutvikling


Lønsutgift er den største utgiftsposten i alle kommunar. Diagrammet over syner lønsvekst i prosent i høve til året før frå 2008-2012 for Nordhordlandskommunane.

Den røde linja syner årslønsveksten for kommunetilsette siste år. Lønsvekst over dette vil normalt vere auka aktivitet/tal på tilsette i kommunen, og må

finansierast med auka inntekt eller kutt på andre postar. Dei fleste kommunane i regionen ligg over lina, og får såleis utfordringar knytt til balansering av økonomien. Rammetilskotet til kommunane vert auka med ein prosentsats, der lønsveksten er den største delen og prisveksten ein mindre del. Når lønsutgiftene i kommunen aukar meir enn årslønsveksten som er berekna og lagt til grunn for rammetilskotet, vert det ein meirkostnad som kommunen sjølv må finne inndekning for.

I økonomiplanen er rammene til sektorane framskrive med ein auke på 1 % for 2014 i høve til nettorammane for 2013. Såleis omfattar framskrivingane ulike utgifts- og inntektsartar som reelt vil ha ulik vekst i høve til 2013. Som ein forenkling er det nytta lik sats for nettorammane til sektorane. Lønsvekst frå lønsoppgjeret dei einskilde åra vil komme **i tillegg** til dette, og sektorane vil få overført midlar frå felles avsett lønsreserve for alle sektorane. I samband med budsjetteringa for 2014 i haust, vil ein i større grad nytte reelle/stipulerte satsar for ulike utgifts- og inntektsartar, likevel slik at nettoutgift for ein sektor må vera innanfor ramma i økonomiplanen **eller** kunne finansierast på anna vis. Dei 3 siste åra i økonomiplanen er halde i faste 2014-kroner.

Det er lagt inn kutt i rammene til Oppvekstsektoren tilsvarande trekk i rammetilskotet for auke i talet på privatskuleelevar. Det er såleis lagt til grunn at sektoren må finne inndekning/reduksjon i kostnadsnivået tilsvarande kuttet som vert gjennomført frå staten si side. Ubalansen i økonomien gjer at hovudfokuset i planperioden vert å tilpasse kommunen sine samla utgifter til samla inntektsnivå. Vedteken strukturendring innan skule skal



gjennomførast i planperioden og er ein del av arbeidet med å tilpasse utgiftene til inntektsnivået. Store endringar med nedlegging av skular, endring i drifta på dei gjenverande skulane med overføring av elevar frå dei nedlagte, mellombelse driftsordningar til varige løysingar er på plass, samt behov for bygningsmessige utvidingar og tilpasningar med lånefinansiert investering, gjer at detaljane og utgiftsnivået er særskilt uoversiktleg i komande planperiode.


Målet er som nemnt å bli kvitt oppsamla underskot, samt skape ein driftssituasjon som ikkje er avhengig av kortsiktige tiltak for å balansere økonomien det einskilde driftsår. Klarer kommunen dette vil det betre situasjonen i høve til å kunne planlegge, langsiktig og realistisk for dei ulike tenestemråda og ikkje vere tvungen til å gjennomføre kortsiktige krisetiltak og gjennomføre ei drift som ikkje er i tråd med dei planane ein har lagt.

Alle lokale satsingar og prioriteringar, nye og auka behov, statlege satsingar som evt ikkje er finansiert, samt uføresette hendingar, må finansierast innanfor rammene i planperioden. På bakgrunn av at økonomien pr i dag er i ubalanse, samt at ein har mange behov og utfordringar ein ikkje klarer å stetta, er det auka fokus på kostnadene knytta til strukturane i drifta og å utnytte effektiviserings- og stordriftsfordelar i større grad. Dette synast å vere einaste vegen til å frigjere midlar som kan nyttast til å yta tilstrekkelege tenester i kvalitet og omfang innanfor dei økonomiske handlingsrammene ein kjenner pr i dag, og innanfor eit stadig aukande behov og krav til tenesteytinga.

I 2015 er det lagt til grunn ein styrking i rammeløyvingane til dei 2 største sektorane med kr 2 millionar kvar. Gjennomføring av dette føreset at sentrale inntektspostar ikkje gjev negative avvik i høve det som er lagt til grunn, samt at oppsamla meirforbruk/underskot er inndekka i løpet av 2014.

Økonomiplanen skal vera saldert og i balanse kvart einskild år.

Helse, omsorg og sosial



Rammer i økonomiplanen:

Ramma for 2014 er justert på bakgrunn av opphavleg budsjett 2013 med 1 % av nettoløyvinga for sektoren, dette utgjør kr 1,49 millionar. I tillegg kjem justering for lønsoppgjør som vert overført frå felles avsett lønsreserve når effekten av lønsoppgjøret er kjent.

				2014 kr	2014 kr	2014 kr	2014 kr
(Tal i 1 000 kr)	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	ØP	ØP	ØP	ØP
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Helse, omsorg og sosial	136 752	151 288	148 898	150 387	152 387	152 387	152 387

Ubalansen (meirforbruket) i sektoren er i 1. tertialrapport 2013 er meldt til kr 3,6 millionar.

Det er såleis behov for tiltak som fører til innsparingar i driftsutgiftene, samt auka inntekt. I 2013 er det m.a. gjennomført omorganisering av heimetenesta med redusert tal på årsverk. Heilårsverknad av dette tiltaket i 2014 vil bidra til betring av den samla økonomien for sektoren.

	2012	2017	2030	2040
--	------	------	------	------

Ramma for sektoren vert styrka med kr 2 millionar i 2015 og vidareført på det nivået i planperioden.

67-79 år	652	847	1069	1230
80 år eller eldre	404	376	566	753

Befolkningsutvikling i nokre av kjernegruppene som sektoren leverar tenester til. Utgangspunkt i SSB's framskriving på middels vekst.

Dagens situasjon

Osterøy kommune skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen, får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. Kommunen sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, herunder personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller funksjonsnedsetting. Ansvaret gjeld personar i alle aldrar.

Samhandlingsreforma starta i 2012 med to nye lover. Målet er å førebyggja meir, behandla tidlegare og samhandle betre. I samsvar med helse- og omsorgstenestelova skal kommunen leggje til rette for samhandling og samarbeide med andre tenesteytarar for å sikre naudsynte og heilskaplege tenester og gode pasientlaup¹.

Folkehelselova er eit viktig verktøy for å kunne nå samhandlingsreforma sine intensjonar om å gje betre helse til den einskilde, utjamna helseforskjellar og sikre ein berekraftig velferdsstat for framtida gjennom å dreia innsats mot førebygging og folkehelsearbeid.

For å kunne møte nye krav, ansvar og arbeidsoppgåver på ein god måte, vart det i 2013 utarbeida kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial. Planen synleggjer kva retning helse- og omsorgstenestene i Osterøy skal styrast etter i eit langsiktig perspektiv. Første utkast til tiltaksplan for Helse- og omsorgsplan er utarbeida, og ligg på slutten av dette kapitlet. Denne vil arbeidast vidare med haust/vinter 2013.

Helse- og omsorgstenesta sitt ansvarsområde er omfattande og rører ved eit breitt spekter av brukargrupper og tenester. Osterøy kommune står føre vesentlege utfordringar innan helse-, omsorg- og sosialektoren komande år. Alderssamansetjinga i kommunen endrar seg. Folk lever lenger, og det vert fleire eldre. Familiestrukturane endrar seg, mobiliteten aukar, ein endrar kostvanar og aktivitetsnivå. Osterøy kommune har i mange år, statistisk sett hatt ei lågare institusjonsdekning enn andre kommunar. Det har vore eit mål å kunne gje flest moglege tilpassa teneste i eigen heim. Dei kommunale helse- og omsorgstenestene skal yte gode tenester i eit samfunn i stadig endring.

Framtidas helse- og omsorgstenester i Osterøy skal sikre heilskaplege og samordna tenester som omfattar helsefremmande og førebyggjande tiltak, utredning, behandling, pleie og omsorg, akuttberedskap, habilitering og rehabilitering og oppfølging på tvers av sektorane og i samarbeid med brukarane sjølve.

I Osterøy har vi lagt til grunn fylgjande visjon for helse- og omsorgstenestene;

«helse i alt me gjer»


¹ Nasjonale mål og prioriterte områder for 2013, Helsedirektoratet

Netto driftsutgift pr innbygger – pleie og omsorgstenesta samla

Det er relativt låge utgifter til pleie- og omsorgstenesta, målt som netto driftsutgift pr innbygger. I Nordhordland er det kun Meland kommune som har lågare netto driftsutgift.

I Kostrasamanheng gjev netto driftsutgift pr innbygger eit uttrykk for prioriteringa til kommunen, men det er òg slik at Osterøy kommune sin låge

økonomiske evne grunna låg samla inntekt, fører til at ein ofte vil ha lågare netto driftsutgift enn dei fleste kommunane i Nordhordland.



Styringsindikatorar for sektoren	Mål 2017
Alle einingar skal ha implementert IKKS intern kontrollsystem	Internkontroll implementert i alle einingar.*
Budsjettbalanse	0 % avvik
Medarbeidarsamtale	100 %
Sjukefråvere	7,4 %
Differansen mellom prognosar og endeleg resultat: 1. tertialrapport	1,5 %
Differansen mellom prognosar og endeleg resultat: 2. tertialrapport	1 %

* Er implementert hjå alle bortsett frå legetenesta og sosial

Samhandlingsreforma

Tiltak/fokusområde frå nasjonale mål og prioriterte område, kommunedelplanar og temaplanar

Tiltak	2014	2015	2016	2017
Følgje opp, evaluere og revidere samarbeidsavtaler mellom kommunen og spesialisthelsetenesta	Gjennomført	→	→	→

Etablering av øyeblikkeleg hjelp – døgnopphald i samarbeid med Nordhordland	Planlegging	Planlegging	Planlegging	Ferdigstilt
Interkommunalt lærings- og meistringstilbod i Nordhordland	Planlegging	→	→	Etablert
Etablere samarbeid med helseføretak om den nye turnusordninga for legar	Gjennomført	→	→	→
Ta imot ferdigbehandla pasientar frå spesialisthelsetenesta til institusjon eller heimeteneste	100%	→	→	→
Sikre aktiv omsorg ved at helse- og omsorgstenestene skal styrke det helsefremjande og førebyggjande arbeidet gjennom å stimulere til fysisk aktivitet, sunt kosthald, sosiale og kulturelle aktivitetar og deltaking i samfunnet	Setjast i verk i tråd med Helse- og omsorgplan	→	→	→
Førebyggjande heimebesøk til eldre for å styrke den eldre sin moglegheit for eigenmeistring og bevare funksjonsnivået lengst mogleg	Planlagt	Implementert	→	→
Bidra til at det utarbeidast gode avtalar mellom legevakttenesta, ambulansetenesta, AMK og akuttmottaka i spesialisthelsetenesta	Gjennomført	→	→	→
Alle som behandlar helse- og personopplysningar syt for tilfredsstillande informasjons-tryggleik jfr lovverket gjengjeven på normen.no	Implementert i organisasjon og styringsverktøy	→	→	→
Elektronisk	Implementert	→	→	→

meldingsutveksling er implementert				
Mål og strategi for Folkehelsearbeid er inkludert i kommunens plansystem etter plan- og bygningslova.	Etablert i helse og omsorgsplan. I øvrige planar implementerast dette ved rullering	→	→	Sektorovergripande implementert.
Styrking av det helsefremjande og førebyggjande arbeidet	Folkehelsekoordinator i prosjektstilling held fram	→	→	Folkehelsekoordinator fast tilsett
Utarbeida nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga, samt dei positive og negative faktorene som kan virke inn på denne jf. Folkehelselova §5	Utarbeida	Nødvendige tiltak sett i verk for å møte utfordringsbiletet	→	→
I samarbeid med FMH utarbeidast kompetanse- og rekrutteringsplanar for leiarar og andre tilsette innan folkehelse og helse- og omsorgstenestene	Gjennomført	→	→	→
Bidra til utdanning av helsepersonell gjennom gode praksisplassar og praksisundervisning	Gjennomført	→	→	→
Bidra med brukarkoordinatorar til personar som ynskjer individuell plan etter oppdrag frå koordinerande eining. Jf. HOS-lova § 7-2	Gjennomført	→	→	→
Betre samarbeid med frivillige organisasjonar	Planlegging	Frivillighet-sentral etablert	→	→
Planverk				

Helse og omsorgsplan 2013-2022	Ferdigstilt	Rullerast
Plan for habilitering og rehabilitering	Rullerast	
Bustadsosial plan	Rullerast	
<u>Delplan:</u> Ruspolitisk handlingsplan, Psykiatriplan Demensplan	Ferdigstilt	Rullering
Tverrfaglege ambulante team		
Demens (Team er etablert, men bør styrkast med ergo/fysio)	Etablert med tverrfagleg samantetting	Tverrfagleg demensteam er etablert
Type 2- diabetes (Team er ikkje etablert)	Utredning rundt team retta mot type 2-diabetes starter	Team retta mot Type 2- diabetes er etablert
Rus (Team er etablert i Kroken, men bør ha eit formalisert samarbeid med Familiens hus, kommunepsykolog og legetenesta)	Formalisert samarbeid mellom Rusteam, Familiens hus, kommunepsykolog og legetenesta etablerast	Rusteam med samarbeidspartnarar er fast etablert

Osterøytunet

Totalt har Osterøytunet 66 plassar fordelt på 7 grupper.

Samhandlingsreforma vart innført 2012 og har endra fokus på korttidsplassar .

Avdelinga på 10 senger vert i hovudsak nytta til korttidsopphald, og her tek ein i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus som ikkje kan dra direkte heim. Det er sett av 2 senger i denne avdelinga til observasjonssenger. Medisinsk utstyr er oppgradert, samt kompetanse i samarbeid med sjukeheimslege og fastlegar. Retningsliner for bruk av desse sengene er under utarbeiding.

Avdelinga vil fortsetje å halde fokus på habilitering og rehabilitering med spesiell vekt på kvardagsrehabilitering med tilgjengelege ressursar.

Demenseininga ligg i 1. etasje. Den er inndelt i tre grupper der desse er særskilt tilrettelagt for menneske med demens. Den eine av gruppene er delvis nytta til korttidsplassar og avlastning for pasientar.

Overbelegget i 2012 har vore lågare enn tidlegare år. Dette har fleire grunnar:

- Større fokus på korttidsopphald
- Nedgang i søkjarar
- Tettare medisinsk oppfølging

Søkjarane kjem enten frå sjukehus eller frå heimen, og nær alle som søker får korttidsopphald før langtidsopphald vert vurdert. Inntak skjer fortløpande, men inntaksteamet har møte kvar veke for vurdering og tildeling av opphald. Her møter representantar frå heimetenesene, institusjon og kommuneoverlege/sjukeheimslege. Ved behov kallast ulike spesialistar inn til inntaksteamet.

Sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i nattenesta reiser ut på oppdrag til heimebuande som har trong for tilsyn.

Årsverk	B 2011	B 2012	R 2012
Pleie – m/Nattpatr frå 2012	52,25	54,25	59,5
Dagavdeling	1,5	1,5	*
Leiing/merkantil	3	3	3
Kjøkken	4,75	4,75	4,75
Tekniske hj.m, vaktm, transport	1	1	*
Sum	62,5	64,5	67,25

Pasientar per 31.12	Over 100 år	90-100 år	80-90 år	60-70 år
2010	3	22	25	0
2011	4	20	26	8
2012	4	22	23	5

Kvalitetsindikatorar	Status 2012	Status 2011	Mål 2017
Tal løyvde korttidsopphald /rehabilitering	167	97	170
Tal løyvde avlastningsopphald	29	37	25
Tal løyvde langtidsopphald	29	36	25
Klager på tildeling av plassar	1	2	2
Tal frå brukarundersøking, maks score 4	Status 2009		
Opplevd respektfull behandling	Ingen tal. Ny undersøking 2013	3,5	3,8
Opplevd tilgjengelegheit	”	3,25	3,8
Opplevd tilgang på informasjon	”	2,9	3,5

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar

Tiltak	2014	2015	2016	2017
Setje i verk tiltak i ny helse- og omsorgsplan – Sjå eigen tabell	→	→	→	→

Heimetenesta

Heimetenesta omorganiserte organisasjonen våren 2013, med heile tenesta lokalisert i Lonevåg. Ei så stor endring vil ta tid å få implementert og stabilisert. Fokus i første del av perioden vert å få gode arbeidsrutinar og fagutvikling på kjerneoppgåvene. Her inngår òg fokus på forvaltningsdelen, for å få eit betra system rundt sakshandsaming og vedtak.

Deretter vil rehabilitering få fokus, med vekt på førebygging, eigenmeistring og målretta arbeid for at brukarar kan bu i heimen lengst mogleg. Dette gjeld òg tilbod til alvorleg sjuke og døydande brukarar. Det palliative prosjektet er forankra i heimetenesta. Dette vil gjelde alle innbyggjarar med behov for lindrande behandling ved livets slutt. Ei viktig målsetjing er å leggje tilrette slik at dei som ynskjer det skal få bu heime, og få nødvendig tverrfagleg helsehjelp i heimen.

Kompetansebehov i heimetenesta: I åra som kjem vil me prioritera vidare-/etterutdanning innan omsorgsteknologi, rehabilitering, forvaltning og leiing som fag. Me vil òg ha fokus på å skapa eit godt arbeidsmiljø der dei tilsette trivst og får utvikla seg. I samband med dette ynskjer ein å setja inn tiltak som kan medvirke til å redusere sjukefråværet. Me vil undersøkje om me kan få til ein meir fleksibel og formålstenleg organisering av drifta ved å sjå på alternative turnusar.

Kvalitetsindikator	Status 2012	Status 2011	Mål 2017
Betre samordning av heimetenestene	Vedteke samanslåing (november)	Prosjekt er starta	Tenesta er stabilisert og struktur og system er på plass
Auka sjukepleiardekning i heimetenestene generelt	Fleire ferdigutdanna i 2013		Tilstreккеleg høgskuleutdanna personell og full dekning på kveld og helg.
Styrka sjukepleiardekning i nattpatruljen	Ja, inntil budsjettkutt haust 2012	Gjennomført	Vidareførast
Desentralisert sjukepleiarutdanning for tilsette	2studentar startar haust 13	8	4 på kvart kull
Etter- og vidareutdanning for tilsette	3	0	10
Tal frå brukarundersøking	(Maks: 6)	Status 2009 (Maks: 4)	(Maks: 6)
Opplevd respektfull behandling	5,2	3,2	5,5
Opplevd tilgjengelegheit	5,3	2,9	5,3
Opplevd tilgang på informasjon	5,1	2,6	5,3

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar

Tiltak	2014	2015	2016	2017
Setta i verk tiltak i ny helse og omsorgsplan – sjå eigen tabell		→	→	→

Bu- og avlastningstenesta

I 2012 starta ein eit prøveprosjekt med medleverturnus. Dette tilbodet vart gitt til to av brukarane i Bu- og avlastningstenesta. Bakgrunn for dette var at det har vore svært utfordrande å rekruttere fagpersonar som klarar å stå i dette arbeidet over tid. Ein ynskjer å vidareføre medleverturnusane med små justeringar. Erfaringar me har gjort i høve til denne type turnus gjer at me ynskjer å legge til rette for bruk av alternative arbeidstidsordningar ved fleire av bueiningane.

Bu- og avlastningstenesta har fått svært mange nye brukarar dei siste åra, spesielt i høve til born og unge som bur heime, og familien har behov for avlastning. For å imøtekomme den einskilde sitt behov og kva denne har krav på, fokuserast det på å gje medarbeidarane opplæring om individuell plan (IP), slik at fleire kan fylle ei koordinatorrolle.

Det er utfordrande å imøtekomme det store behovet for avlastning slik tenesta vert drifta i dag. Ein vil difor prøve ut alternative måtar å gje avlastningstenester på i løpet av hausten 2013.

I 2013 delte ein sona i to, og tilsette ein einingsleiar til. Ved å styrke leiarfunksjonen ynskjer ein tettare fagleg oppfølging rundt brukarane, i tillegg til det administrative arbeidet knytt til drift og oppfølging av dei tilsette.

Behovet for bustadar er kartlagt. I 2013 startar arbeidet med å planlegge og gjennomføre ny bustadmasse.

Behovet for fleire vernepleiarar er òg eit område ein ynskjer å ha fokus på framover. Tilrettelegging for utdanning gjennom arbeidet i sona, vert eit viktig verkemiddel for å rekruttere nye vernepleiarar. Ny brukarundersøking skal gjennomførast i 2014.

Kvalitetsindikatorar	Status 2012	Status 2011	Mål 2017
Individuell plan*	10	10	22
Tal frå brukarundersøking, maks score 4		Status 2009	
Opplevd respektfull behandling	Ikkje gjennomført	3,2	3,8
Opplevd tilgjengelegheit	Ikkje gjennomført	2,9	3
Opplevd tilgang på informasjon	Ikkje gjennomført	2,6	3

* Alle brukarar har rett på individuelle planar og skal prioriterast. Den skal bidra til at brukarane veit kva dei kan vente seg av - og gi dei oversikt over - tenestetilbodet.

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar				
Tiltak	2014	2015	2016	2017
Setta i verk tiltak i ny helse og omsorgsplan – sjå eigen tabell	Sette i verk tiltak skildra i ny helse og omsorgsplan	→	→	→
Byggje nye omsorgsbustader*	Byggjeperiode	Byggjeperiode	Ferdigstilt	

* Nye bustadar for denne gruppa prioriterast, ein viser til registrerte søknader og behov for fleire bustader

Brukargruppa med diagnose innfor autismespekteret har auka dei siste åra. Ein ser at behovet er stort i forhold til å leggja til rette egna bustad for denne brukargruppa.

Rus/psykiatri

I 2011 vart det oppretta eige rusteam, kalla ”Kroken”. Ein hadde fått lovnad om prosjektmidlar frå Fylkesmannen i tre år, men midlane vart stoppa eit år før prosjektperioden var omme. Delar av midlane vart i staden overført til rammetilskottet for 2013. Det har vorte laga ruspolitisk handlingsplan, som vart vedteken i april 2013. Dette er eit arbeidsverktøy der Kroken er tenkt vidareført. Frå 2015 vil psykiatri- og rusomsorg verte implementert i samhandlingsreforma, og kommunane vil få eit større ansvarsområde. I tråd med ruspolitisk handlingsplan ser ein difor at det er viktig at førebyggjande arbeid innan rusomsorga vert styrka. Tverrfagleg samarbeid må også vektleggast sterkt.

I 2013 vart Haus Bufellesskap opna. Dette er eit tilbod med døgnkontinuerleg tilsyn og hjelp. Her er det 4 brukarar med psykisk lidning. Det er 8 stillingar knytt til tiltaket, som alle går i medlevarturnus.

Reigstad bustader er butilbod med lågare bemanning, og har fem bueiningar. Det er 2,8 stillingar i tiltaket.

Den ambulerande psykiatritenesta gjev tenester til personar over 18 år i heile kommunen. Pr i dag er det ca 80 brukarar, og det er knytt 3,5 stillingar til tenesta. I tillegg er det 1 stilling som einingsleiar for rus og psykiatri.

Sett opp mot endring i kommunale ansvarsområde innan rus/psykiatri frå 2015, vil ein satse på rusarbeid, førebygging, samhandling med andre tenester både i kommunen og spesialisthelsetenesta for å møte denne reforma. Likeeins er oppretting av nytt bufellesskap i Haus eit målretta tiltak. Utfordringane er mange, og ein ynskjer å halda fokus på auka kompetanse og utvikling hjå dei tilsette, slik at ein kan møte brukarane av tenesta på ein trygg og god måte.

Kvalitetsindikatorar

Tal frå brukarundersøking, maks score 4	Status 2012	Status 2011	Status 2009	Mål 2017
Opplevd respektfull behandling	Ikkje gjennomført	3,5	3,2	3,8
Opplevd tilgjengelegheit	Ikkje gjennomført	3,3	2,9	3
Opplevd tilgang på informasjon	Ikkje gjennomført	3,0	2,6	3

Tiltak	2014	2015	2016	2017
Setta i verk tiltak i ny helse og omsorgsplan – sjå eigen tabell	→	→	→	→
Oppretthalde og styrke kapasitet innan rus- og psykiatrisk helsearbeid	→	→	→	→

Sikre samhandling internt i kommunen, med spesialisthelsetenesta, frivillig sektor		→	→	→	→
Ettervernsgrupper for rusavhengige.	Etablere ettervernsgrupper		→	→	→
Førebyggjande arbeid blant unge.	Etablere rusfrie alternativ for unge i kommunen i samarbeid med skule/oppvekst.		→	→	→
Oversikt over russituasjonen i kommunen	Kartlegge russituasjonen i kommunen (Ungdata)		→	→	→
Formalisert samarbeid ved skule/oppvekst	Søkje å finne samarbeidsfora på kryss av profesjons- og einingsgrensar.	Samarbeidsfora er etablerte.		→	→
Etablere samordna tiltak for bebuarane i bustaden	Etablere buteam for menneskje med psykiske lidingar.				

Brukarstyrt personleg assistent

Brukarstyrt personleg assistanse: Kommunen skal ha tilbod om personleg assistanse som er ein måte å organisera ” praktisk bistand og opplæring på”. Tildeling av brukarstyrt personleg assistanse skal vurderast på same måte og innafor de same rettslige rammene som dei andre tenestene i Helse og omsorgstenestelova § 3-2 fyrste ledd, nr. 6b. Ordninga omfattar hjelp til eigenomsorg , personleg stell og sosiale aktivitetar. Føremålet er å bidra til å gjere den einskilde mest mogleg sjølvhjelpen i dagleglivet. Det er ein føresetnad at brukaren sjølv kan vere arbeidsleiar og organisere oppgåvene i høve til dei behova som er.

Osterøy har ei organisering der brukar er arbeidsleiar og kommunen er arbeidsgjevar. 3 personar gikk i 2012 inn under særleg ressurskrevjande brukarar – tilskotsordning. Me reknar med at situasjonen med 4 til 5 personar vil vera stabil dei neste åra til denne ordninga. Ordninga er òg utvida til å omfatte dei som må ha bistand til å vere arbeidsleiar, og tilskotsordninga er endra til å gjelde opplæring/kurs. Ein ser at ordninga er med på å gje yngre funksjonshemma eit meir aktivt liv slik at dei kan delta på arenaer i samfunnet som er naturleg for alle.

Støttekontakt

Dette er eit vel innarbeida tiltak i kommunen som nyttast overfor fleire brukargrupper.

Tiltaket vert tildelt etter Pasient- og brukarrettigheitslova (Pasrl) § 2-1a, støttekontakt vert ytt etter Helse- og omsorgstenestelova §3-2 første ledd, nr.6b, når personar grunna alder, funksjonshemming, sjukdom eller sosiale tilhøve treng å få ei meiningsfylt fritid. Ved utgangen av 2012 mottok 51 personar støttekontakttiltak. I 2012 blei 8 tiltak avslutta og det var 8 nye tiltak som blei starta opp. Ein reknar med den same progresjonen dei neste åra. Indeksregulert kvart år i budsjettarbeidet.

Omsorgsløn

Omsorgsløn vert tildelt der brukar vert vurdert å fylle krava i Pasient- og brukarrettigheitslova (Pasrl) § 2-1 a, omsorgsløn vert ytt etter Helse- og omsorgstenestelova § 3-6.

Kommunen har etter denne regelen plikt til å ha ei ordning med omsorgsløn til dei som har særleg tyngjande omsorgsarbeid, og det må setjast av tilstrekkelege midlar til dette.

Kommunen skal i kvart tilfelle vurdere kor mange timar som leggst til grunn for betaling for slikt omsorgsarbeid. Dette blir ved budsjettarbeidet kvart år indeksregulert.

Ergo- og fysioterapi

Ergoterapeuten arbeider med habilitering og rehabilitering, fyrst og fremst i høve til deltaking i daglege aktivitetar i og utanfor heimen. I drifta i dag er det svært liten ergoterapeutressurs.

Kommunefysioterapeutane arbeider med habilitering og rehabilitering gjennom arbeid med brukarar i barnehagar, skular, heimetenesta og Osterøytunet. Både ergo- og fysioterapeutane har ventetid på opptil fleire månader.

Innafor planperioden vil eininga halde hovudfokus på habilitering og rehabilitering med særskilt vekt på rehabiliteringsopphald ved Osterøytunet og planlegging av implementering av heimerehabilitering i heimetenestene. Det er nødvendig å etablere felles forståing om kva rehabilitering og habilitering er, og kan vere, samt tilpasse tilbod og tenester etter innbyggjarane sine behov og kommunen sine tilgjengelege ressursar.

Kvalitetsindikatorar	Status 2012	Status 2013	Mål 2017
Opplevd respektfull behandling, brukarundersøking i 2012 og 2015.	Ikkje gjennomført	Oppstart haust 2013/ vår 2014	3,5
Opplevd tilgjengelegheit, brukarundersøking i 2012 og 2015.	Ikkje gjennomført	Oppstart haust 2013/vår 2014	3,3
Opplevd tilgang på informasjon, brukarundersøking i 2012 og 2015.	Ikkje gjennomført	Oppstart haust 2013/ vår 2014	3,3

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar				
Tiltak	2014	2015	2016	2017
Etablere modell for systematisk arbeid i høve rehabiliteringsopphald på Osterøytunet	Setje i gong	Evaluere	Implementert	→
Førebyggjande heimebesøk til eldre for å styrka den eldre sin moglegheit for eigenmeistring og bevara funksjonsnivået lengst mogleg	Setje i gong	Evaluere	Implementert	→
Styrka fokus på habilitering og rehabilitering i sektoren generelt	Planlegge implementering av kvardagsrehabilitering, form og format	Oppstart	Etablere og prøve ut	Evaluere
Deltaking i tverrfaglege team som Demensteam, Rus/Psykteam, Palliativt team.	Deltaking palliativt er på plass. Planlegging og oppstart av deltaking i andre team.	→	→	Implementert
Styrka hjelpemiddellageret opp mot samhandlingsreforma	Avklaring av behov	→	→	Implementert

NAV Sosialtenesta

Hovudmål

- Eit verdig liv for alle

Status og utviklingstrekk

- Styrke tilbodet om økonomisk rettleiing og økonomistyring
- Auka fokus på samarbeid mellom etatane
- Innføring av målekort
- Brukarundersøking kvar haust – veke 35

Nav Osterøy har som satsingsområde å kome inn med tidleg tiltak på alle område, om det skulle vera oppfølging av sjukepengar, arbeidslause eller personar som har behov for økonomisk sosialhjelp.


Osterøy har låg arbeidsløyse, og nærområde til Stor Bergen gjer det lettare å få seg arbeid. Innan ufaglært arbeidskraft vil talet på jobbar vere mindre enn talet på personar som er ledige. Det betyr at Nav må ha ei satsing på å få unge personar til å fullføre vidaregåande skule, eventuelt kombinert med ulike løysingar mot eit fagbrev. Dette krev tett samarbeid mellom kommunale instansar og fylkeskommunen.

Ei anna utfordring ein ser er at den kortsiktige gjelda aukar. Dette resulterer ofte i ein negativ spiral som må brytast. Nav er førebudd på at dette vil bli utfordringar i framtida. Av tiltak som er sett inn i 2013 er å få personar kvalifisert til arbeid og økonomiske rådgjeving.

Andre tiltak i framtida er å få etablert eit betre publikumsmottak. Brukarundersøkinga viser at Nav Osterøy skårar 68 % på tilgjengelegheit som omhandlar det å leggja frå seg saka si uforstyrta.

Netto driftsutgift til sosialtenesta pr innbyggjar 20 – 66år:

Diagrammet syner netto driftsutgift til sosialtenesta pr innbyggjar i alderen 20 - 66 målt mot kommunane i Nordhordland. Kommunen ligg midt i sjiktet i regionen, men det er relativt store forskjellar mellom kommunar i landet.



Landssnittet (utan Oslo)

ligg nesten kr 1000 pr innbyggjar 20-66 over Osterøy kommune. Det låge nivået for Osterøy i høve gj.snittet er i stor grad knytt til bemanning, der Kostra-tala indikerer at Osterøy ligg svært lågt i høve landsgjennomsnittet.

Kvalitetsindikatorar	Mål 2013	Status 2012	Mål 2017
Tal brukarar med økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt under 24 år	10	17	2
Tal brukarar med økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt over 24 år	8	13	4
Del brukarar som går over 6 månader på stønad			
Opplevd respektfull behandling, brukarundersøking i 2012 og 2015.	90%	89 %	95%
Opplevd tilgjengelegheit, brukarundersøking i 2012 og 2015.	70%	68 %	80%
Opplevd tilgang på informasjon, brukarundersøking i 2012 og 2015.	90%	89 %	95%
Brukarar i Kvalifiseringsprogrammet	3	1	7

Tiltak / fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar				
Tiltak	2014	2015	2016	2017
Setta i verk tiltak i ny helse og omsorgsplan – sjå eigen tabell	Setta i verk tiltak beskriven i ny helse og omsorgsplan	→	→	→

Legetenesta

Det har vore utfordringar i legetenesta det siste året. Ein har sett at den noverande tenesta ikkje har vore robust nok ved sjukefråvere. I tillegg har innbyggjartalet auka jamt dei siste åra, og ein har god grunn til å forvente at dette vil halde fram. Dette gjer at det er behov for å auke fastlegekapasiteten i løpet av 2014 og vidare framover i planperioden.

Kvalitetsindikatorar	Status 2012	Status 2011	Mål 2017
Dei av kommunens innbyggjarar som ynskjer, har fastlege i kommunen.	Få ledige plassar	Ledig kapasitet	Kapasitet tilsvarande innbyggjartal
Implementere system for internkontroll (IKKS)	Manglar	Manglar	Implementert

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar				
Tiltak	2014	2015	2016	2017
Greie ut organiseringa av legetenesta	Gjennomført	→	→	→
Auke fastlegekapasiteten	Fastlege tilgjengeleg til dei av kommunens innbyggjarar som ynskjer det.	→	→	→

Tiltaksplan for kommunedelplan for Helse, omsorg og sosial

Tiltaksplan				
Kommunedelplan Helse, omsorg og sosial				
Tiltak	2014	2015	2016	2017
Folkehelse i kommunen er kartlagt	Tiltaksplan vert laga i samsvar med det som er avdekket og prioritert i kartlegginga. Påbegynt 2013	→	→	→
Inkludering av fleirkulturelle/andre som har behov for arbeidstrening/ praksisplassar - Språk og samfunnsforståing - Fadderordningar - Kommunen ta initiativ og inviterer frivillige lag/org.	3 Praksisplassar på Osterøytunet 2 Praksisplassar i Heimetenestene	→	→	→
Dagavdelingar				
<ul style="list-style-type: none"> • Demente • Dagrehabilitering • Desentralisert dagtilbod • Dagavd OT • Opro • Kroken • Dagtilbod psykiatri 	<p>- Det skal utgreiast om det skal opprettast eit aktivitetstilbod med NAV spes. retta mot bilpleie</p> <p>- Det skal utgreiast om det skal opprettast frivillighetskoordinat or</p> <p>Ein skal sjå på dagtilbodet for folk med psykiske lidingar</p> <p>Opprette prosjekt for å vurdere andre måtar å drive dagtilbod.</p>		Dagtilbod demente må inn i ordinær ramme.	


Opprette ei prosjektgruppe som vil sjå på ulike tiltak/tilnæringsmåtar til barn/ungdom med spesielle behov	Sette ned prosjektgruppe og starta arbeidet	Arbeid starta	→	→
Avklaring innan 3 mnd. i høve til mottakarar av sosialhjelp	Følgje tettare opp for å unngå at folk blir langtidsmottakarar Økonomisk rådgjeving	→	→	→
Kvalifiseringsprogrammet	Ha 5 med ulik alder av dei som har vært lengst ut av arbeidslivet inne i dette tiltaket til en kvar tid Delta i interkom. Samarbeids-prosjekt for gjelds-rådgjeving i Nordhordland Justera satsar for sosialhjelp ihht statlege retningsliner	→	→	→
Kartlegge tall legeheimlar	Søkjjer ny heimel i 2013			
Utgreie organiseringa av legetenesta	Påbegynt i 2013	Arbeid ferdigstilt	→	Evaluering
Flytting av legevakt til interkom. samarbeid i Nordhordland	Er utført i 2013 Evaluerast i mars 2014			
Kompetanse og rekruttering Prosjektgruppe settes ned haust 2013, samansett av leiarar, tilsette og fagrørslar	- Utarbeide kompetanseplan - Fokus på omdømme - Dra fram dei gode historiene - Ha en felles politikk for strategisk personalarbeid i sektoren. - Bruke eksisterande	→	→	→

	<p>fora i større grad for å dele kompetanse</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bruke systematisk verktøy som er lagt til rette for kartlegging/synliggjøring 			
Koordinerte tenester	<ul style="list-style-type: none"> - Større bruk av individuell plan - Opplæring av fleire koordinatorar for IP spesielt i Heimetenesta, ergo/fysio og Osterøytunet 	→	→	→
Forvaltning og dokumentasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjekt startar 2013 - Utvikle IKT-verktøy - Fortløpande evaluere vedtak - Spisse kompetansen på vurdering av behov - Ajourholde IP - Bruke gjeldane kvalitetssystem aktivt 	→	Opprette forvaltnings-eining	→
Samarbeid med familie og frivillige	<ul style="list-style-type: none"> -Informasjonsformidling - Halvårig oppdatering. 1. mars og 1. sept. skal heimesida oppdaterast. -Frivillighetskoordinator - Kommunen skal legge til rette for eit godt samarbeid med dei frivillige organisasjonane med årlege møtepunkt. - Ha rutinar for god dialog med familie og nettverk i tråd med 	→	→	→

	brukaren sitt ynskje			
Tidleg intervensjon Sjuefråvær	- Holde fokus på nærvær - Vere aktiv i å bruke "raskare tilbake" - Fast tema på leiarmøter - Fast tema på personalmøter	→	→	→
Fleire fullføre vidaregåande skule	- Revidere samarbeidsavtale med OTPPT (oppfølgings-teneste) og Fylkeskommunen			
Redusera arbeidsledighet	- Bruke tilgjengeleg verktøy meir aktivt - Måle tal personar som er blitt formidla inn i arbeid	→	→	→
Demensomsorg og andre samansette behov	- Demensplan ferdig 2013 - Følgje opp tiltak som er sett i gang - Bruk av velferdsteknologi - Sikra eigna butilbod - Ruspolitisk handlingsplan - Undersøking frå Ungdata skal gjennomførast årleg. - Bruk av verktøyet når årleg kartlegging er gjort - Utgreie/kartlegge behov og sette i gang individuelle tiltak - Samhandling, få tilgang til kartlegging som er gjort av Familiens hus	→	→	→
Rehabilitering	- Fokus satsingsområde i 2014 - Definere, få felles forståing av kva dette betyr, vurdere modeller som	- Planlegge og tilby førebyggjande heimebesøkk til alle over 75 år.	→	→

	<p>Kvardagsrehabilitering, Dusjprosjekt</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vurdere kapasiteten i heimetenestene før en sett i verk tiltak - Følgje opp prosjekt som er sett i verk på gr 7 Osterøytunet - Lage konkret pilotprosjekt rundt ein eller to brukarar i heimetenestene så snart som råd - Rullere rehabiliteringsplan - Styrke kompetansen, leggje til rette for vidareutdanning - Sette ned ei arbeidsgruppe frå heimetenesta, inst - Planlegge og tilby førebyggjande heimebesøk til alle over 75 år - Informere brukarorg større grupper først 	<p>Informere brukarorg. og større grupper først</p> <p>- Søke prosjektmidlar til oppstart?</p>
Organisering/drift	<ul style="list-style-type: none"> - Starte evaluering av leiarstruktur i sektoren. - Sjå på vilkår for å utøve god leing - Sjå på faglig utvikling - Deltaking i ulike fagråd i regionen - Intern-undervisning - Vurdere fleire fagprosjekt - Helse- og omsorgsplanen m/tiltaksdel Skal presenteras i dei ulike einingane - Fokus på opplæring av Kostra/IPLOS og rapportering i lag med pers/lønn/øk. 	<p>→ → →</p>

Oppvekst, undervisning og kultur



Rammer i økonomiplanen:

Ramma for 2014 er justert på bakgrunn av opphavleg budsjett for 2013 med 1 % av nettoløyvinga for sektoren, dette utgjør 1,55 millionar. I tillegg kjem justering for lønsoppgjør som vert overført frå felles avsett lønsreserve når effekten av lønsoppgjøret er kjent.

(Tal i 1 000 kr)	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Budsjett 2013	ØP 2014	ØP 2015	ØP 2016	ØP 2017
Oppvekst, undervisning og kultur	141 701	162 260	154 254	154 542	154 292	154 292	154 292

Ubalansen (meirforbruket) i sektoren er i 1. tertialrapport 2013 meldt til kr 3,3 millionar.

Det er såleis behov for tiltak som fører til innsparingar i driftsutgiftene, samt evt auka inntekt. I 2013 er det vedteke strukturendringar i grunnskulen, som vil starta opp allereie hausten 2013, men som òg vil halde fram i løpet av planperioden, og med mellombelse løysingar, fram til varige løysingar i tråd med vedtaket er på plass. Det vert òg lagt opp til nye metodar for tildeling av ressursar til skulane.

Det er lagt inn eit sektorkutt på kr 1,28 millionar i 2014 og 2,25 millionar i 2015 knytt til tilsvarende redusert rammetilskot grunna auka tal på privatskuleelevar. Ramma for sektoren vert styrka med kr 2 millionar i 2015 og vidareført på det nivået i planperioden.

Befolkningsutvikling i nokre av kjernegruppene som sektoren leverar tenester til. Utgangspunkt i SSB's framskriving på middels vekst. Det er ein betydeleg vekst når det gjeld dei minste borna fram til 2017. legg ein SSB's høg vekst framskriving til grunn vil ein lande på 679 born 0+5 år i 2017.

	2012	2017	2030	2040
0-5 år	532	648	742	736
6-12 år	717	711	946	942
13-15 år	359	338	391	425
16-19 år	430	453	461	553

Fokus i sektoren.

Sektor for Oppvekst, undervisning og kultur fokuserer på tidleg innsats for livslang læring. Tidleg innsats er eit gjennomgripande mål for sektoren.

Barnehagar og skular skal verta betre til tidleg å fanga opp og følgja opp dei som treng hjelp og støtte. Bakgrunnen for dette er den sterke auken i spesialundervisninga for dei eldste borna, og auken i opplæringstilbod der elevar vert teke ut av det ordinære fellesskapet. Elevar lærer best i samhandling med andre barn, uavhengig av kva nivå dei står på. Vi har von om at eit samspel i sektoren kan gje utbyte her, slik ein får satt inn nødvendig hjelp tidlegare i livsløpet. Sektoren må auka opp ressursbruken for dei yngste borna, samtidig som ein reduserer kostnadene for dei eldre. Forsking viser at dette har best effekt for borna si utvikling og gir dei beste samfunnsøkonomiske resultat.

Det handlar om å setja inn gode tiltak så tidleg som råd. Satsing på overgangar er eit konkret funn. Med dette tenkjer ein på god informasjonsflyt i overgangen mellom ulike nivå; frå helsestasjon til barnehage, og vidare til grunnskule, ungdomskule og vidaregåande skule. I tillegg ser ein at det er viktig å identifisera barna som utviklar problem tidleg i kvar einskild fase av opplæringa for å setja inn tiltak.

Språk er ein viktig nøkkel. Barn som har dårlege føresetnader ved skulestart har størst sjanse til å koma inn i ein negativ lærings- og motivasjonsspiral over tid. Språkkartlegging og språkstimulering er difor nødvendige tiltak å setja i verk dei første åra.

Eit breitt samarbeid viser seg å vera heilt nødvendig. Sjølv om samarbeid er ei kjelde til gode resultat, inneber det òg større utfordringar for dei involverte. Her har Osterøy satsa på Familiens hus som eit viktig verkty framover. Sektoren vil søkje å snu ressursinnsatsen slik at ulike tiltak vert sett inn så tidleg som råd er.

Gjennomgåande styringsindikatorar for sektoren

	Mål 2017
Budsjettbalanse	0 % avvik
Medarbeidarsamtale	100 %
Sjukefråvere	
Differansen mellom prognosar og endeleg resultat: 1. tertialrapport	1,5 %
Differansen mellom prognosar og endeleg resultat: 2. tertialrapport	1 %

Tenestene i omfang og kvalitet.

Knappe ressursar i sektoren gjer det nødvendig med ein vurdering av tenestefanget målt opp i mot kva som er ønskt kvalitet.

Tiltak og endringar må iverksetjast for å ha eit varig driftsnivå tilpassa rammene som vert tildelt.

Barnehage


Barnehagane i kommunen har ei kostnadseffektiv drift – samstundes som vi har eit sterkt fokus på utvikling og kvalitet. Barnehagane i Osterøy har låg bemanning i høve talet på born; dette er ei stor utfordring som vi har fokus på. Talet på barn per vaksne er også ein viktig indikator på kvalitet i barnehagen; nok personale til å møta og ha tid til det einskilde barnet er svært viktig for å gje kvart barn ei god utvikling. Samstundes vil det gje ein betre arbeidssituasjon for personalet, og på sikt minska sjukefråvær.

Kommunebarometeret 2013 synleggjer nedgangen i tal på tilsette pr barn i barnehage. For låg bemanning kan føre til at barn med særlege behov ikkje vert oppdaga og får hjelp tidleg nok – og me opplever ei eskalering av spesialpedagogiske utgifter i skulen. Fleire vaksne i arbeid med borna vil medføre at barnehagane betre kan arbeide med tidleg identifisering – og med det setje inn tiltak i høve kvart einskild barn sitt behov. To av dei kommunale barnehagane har spesialpedagog – vi arbeider for at kvar barnehage skal få spesialpedagogisk personale i planperioden.

Kommunen opplever ei gledeleg auke i tilflyttinga, men dette fører samstundes til ei auke i utgiftene. Me har ledig kapasitet ved Hauge barnehage; 20 plassar for barn 3-6 år eller 14 plassar 1- 3 år. Ved Lonevåg barnehage er det ledige lokale som kan omgjerast til barnehage. Dei andre barnehagane er så godt som utan ledige plassar.

I planperioden bør barnehagestrukturen vurderast, både i høve til kapasitetsmessige, økonomiske og faglege vurderingar. Ved utbygging i Fugledalen (Lonevåg) må Lonevåg barnehage utvidast med ei avdeling (minst). Dei største barnehagane våre viser den mest kostnadseffektive drifta.

Tabellen syner at Osterøy har lågast netto driftsutgift pr innbygger i målgruppa (1-5 år) i regionen. Samanlikna med landet ligg ein godt under gjennomsnittsnivået. Dette er i stor grad nødvendig, jfr at kommunen har låg inntekt, men det er utfordrande å halde utgiftsnivået lågt samstundes som ein skal ivareta utvikling og kvalitet, og kunne fange opp og hjelpe born med særlege behov.



Kvalitetsindikatorar	Status 2012	Status 2013	Mål 2017
Barn i barnehage 0- 5 år	399	415	490
Barn på venteliste (utan rett til barnehageplass)	42*	40	0
Kommunale barnehagar	6	6	6
Private barnehagar	2	2	2
Pedagogisk personale – ingen dispensasjonar	2	4	0
Del styrarar og pedagogiske leiarar med pedagogisk utdanning	2	3	Alle
Del med assistentar med relevant utdanning			Alle
Del av minoritetsspråklege barn som går i barnehage			Alle
Brukarundersøking	Gjennomført		Gjennomført
Indikator frå brukarundersøking – Fysisk utemiljø		4.6	5.0
Indikator frå brukarundersøking – Tilgjenge		5.2	5.3
Indikator frå brukarundersøking – Respektfull behandling		5.3	5.5

*Born på venteliste er born som ikkje fyller retten til ein barnehageplass, jfr. Lov om barnehagar.

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar

Tiltak	2014	2015	2016	2017
Barnehageplan	x	x		
Auke i grunnbemanning ved barnehagane	Kommunal standard for tal vaksne per barn blir utgreidd			
Auke i tid til leiing ved barnehagane				
Auke i driftsmidlar til barnehagane				
Fleire opptak i barnehagane – no har vi eit hovudopptak. Vi fyller kravet om rett til barnehageplass.	Utgreidd			
Brukarundersøking i barnehagane	2014			x
Tidleg innsats med målretta tiltak på alle område	Opplæring og kompetanseutvikling	x	x	x
Pedagogisk leiing	Styrka leiarskap som fører til utvikling og kvalitet	x	x	x
Utvikla kvar barnehage til ein lærande organisasjon	Opplæring og kompetanseutvikling	x	x	x

Grunnskule

Alle barn i alderen 6 – 15 år har rett og plikt til grunnskuleopplæring i samsvar med gjeldande lover, føresegner og læreplan. Osterøy kommune har som målsetjing å styrke kvaliteten i

grunnskulen og gje alle elevane eit likeverdig grunnskuletilbod innanfor dei økonomiske rammene kommunen til ei kvar tid rår over.


Ny skulemodell for barnesteget vart vedteke i H-sak 008/13, 24.04.2013. Vedtaket seier at det skal vere 4 skular på barnesteget. Skulane skal ligge i Fotlandsvåg, Haus, Lonevåg og Valestrand/Hauge. I same sak vart dei gamle kringsgrensene oppheva og val av skule skal bygge på nærskuleprinsippet jfr Opplæringslova § 8-1, 1. og 2. ledd. Rådmannen har fått fullmakt til å setje i verk den nye skulestrukturen så snart det praktisk let seg gjennomføre. Frå 01.08.13 vert Bruvik skule slått saman med Haus skule og Hamre slått saman med Valestrand skule. Nærskulen for dei fleste elevane frå Hauge og Hjellvik er Valestrand skule. På grunn av plassmangel ved Valestrand skule, må ein i ei overgangsperiode oppretthalde Hauge skule som ein 1-4 skule for elevane frå Hauge og Hjellvik, samt at elevane på 5.-7. trinn frå Hauge og Hjellvik får plass ved Lonevåg skule. Føresette har høve til å søke om annan skulestad.

Ny tildelingsmodell for ressursar til grunnskulane prioriterer tidleg innsats og skal medverke til å styrke innhaldet i skulen. Ressursfordelinga vil gje eit meir likeverdig tilbod til alle elevane i Osterøy kommune. Målsetjinga er at vi skal få meir tilpassa opplæring og redusere behovet for spesialundervisning.

Det nasjonale vurderingssystemet gjev klare føringar på kvalitet i opplæringa. Kvalitetsomgrepet er sett saman av 3 kvalitetsområde: strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet. Det er utvikla nasjonale verktøy som gjev oss høve til å samanlikne eigne resultat med resultat i andre kommunar, fylke og nasjonalt. Elevundersøkinga gjev oss grunnlag til å vurdere læringsmiljøet. Elevundersøkinga har ein skala frå 1 – 6. Nasjonale prøver, karakterar og grunnskulepoeng gir oss grunnlag til å vurdere læringsutbyttet til elevane. Nasjonale prøver har ein skala frå 1 – 3 for 5.klasse og 1 – 5 for 8. og 9. klasse. Kvalitetsindikatorane lenger nede er henta frå det nasjonale vurderingssystemet.

Netto driftsutgift til grunnskule pr innbyggjar 6-15 år:


Diagrammet syner at Osterøy har lågast netto driftsutgift pr innbyggjar 6-15 år i regionen. Ein ligg òg noko under landsgjennomsnittet. Dette tyder likevel ikkje at vedtekte endringar innanfor skule er unødvendige. I tillegg til å bidra til nødvendig samla innsparing i kommunen, vil innsparing gjennom endring i struktur m.v.



kunne frigjere midlar som betrar den samla økonomien til kommunen. Kommunen vil såleis verte betre i stand å auke kvaliteten og kunne møte både kjente og nye utfordringar innan skuletenesta i framtida.

Kvalitetsindikatorar	Status 2012	Status 2013	Mål 2017
Sosial trivsel (brukarundersøking)	7. kl.: 4,3 10. kl.: 4,3	7.kl.: 4,3 10.kl.: 4,3	7.kl.: 4,6 10.kl.:4,3
Trivsel med lærarane (brukarundersøking)	7. kl.: 3,9 10. kl.: 4,1	7.kl.: 3,9 10.kl.:4,1	7.kl.: 4,5 10.kl.:4,5
Mobbing (brukarundersøking)	7. kl.: 1,3 10. kl.: 1,3	7.kl.: 1,3 10.kl.:1,3	7.kl.: 1,0 10.kl.: 1,2
Fagleg rettleiing (brukarundersøking)	7. kl.: 3,7 10. kl.: 3,5	7.kl.: 3,7 10.kl.: 3,5	7.kl.: 4,3 10.kl.: 4,1
Gjennomsnittspoeng for avgangselevar	39,3	40,3	41,0
Gjennomsnittleg poengsum i norsk – 5.klasse	1,9	1,9	2,1
Gjennomsnittleg poengsum i engelsk – 5.klasse	1,9	1,9	2,1
Gjennomsnittleg poengsum i matematikk – 5.klasse	1,9	1,9	2,1
Gjennomsnittleg poengsum i norsk – 8.klasse	3,1	3,1	3,5
Gjennomsnittleg poengsum i engelsk – 8.klasse	3,1	3,0	3,5
Gjennomsnittleg poengsum i matematikk – 8.klasse	3,0	3,0	3,5
Gjennomsnittleg poengsum i norsk – 9.klasse	3,1	3,1	3,7
Gjennomsnittleg poengsum i matematikk – 9.klasse	3,3	3,2	3,7

Det lokale arbeidet med utvikling av kvalitet i grunnskulen inneheld fylgjande faktorar i ei vurderingskjede:



Modellen for ”Kvalitet i skulen” (KIS) skal nyttast som metode og verktøy for utvikling av vurderingskompetanse i heile organisasjonen. Grunntanken i KIS er at kvalitetsutvikling skjer gjennom å involvere alle aktørar og nivå i skulen gjennom ein systematisk utviklingsprosess.

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar

I økonomiplanperioden vil vi ha fylgjande fokusområde:

Strukturkvalitet

Område	Status	Mål	Tiltak	Tid
Skulestruktur	Vedtak om ny skulemodell	Utvikle gode og funksjonelle	Utbygging av Lonevåg skule	2014 – 2015

	for barnesteget, gjeldande frå 01.08.2013	skular med høg kvalitet på læringsmiljøet	Plan for utbygging av skule i Valestrand/ Haugeområdet Plan for utbygging av Haus skule	Oppstart av planarbeid 2014 Oppstart av planarbeid i slutten av økonomiplanperioden
Skuleleiing	Frå 01.08.2013 vert det ny leiing ved fleire av barne-skulane.	Styrke leiinga ved kvar skule Vurdere nye administrasjons-verktøy	Auke administrasjons-ressursen. Kontorhjelp * Effektivisering gjennom god fordeling av oppgåver og ansvar. Gjennomgang av delegasjons-reglementet	2014 - 2015 2014 2014

*Barneskulane har svært låg administrativ bemanning. Dette er eit område som må styrkast for å få ei forsvarleg leiing ved kvar skule. Er ikkje finanisert i planen.

Prosesskvalitet

Område	Status	Mål	Tiltak	Tid
Skuleeigar-skap	Årlege utviklingssamtalar med skulane om det pedagogiske arbeidet. Tilstandsrapport.	Utvikle eit likeverdig skuletilbod for alle grunnskule-elevane i Osterøy kommune. Forankre skulen sine mål politisk.	Gjennomføre utviklings-samtalar med alle kommunale grunnskular. Årleg tilstandsrapport som vert drøfta i politiske organ.	Januar/mars Sept.
Kompetanse-utvikling for skuleleiarar	Interkommunalt samarbeid om skuleleiaropplæring. 3 rektorar går på rektorskulen.	Fokus på leiarskap i pedagogisk verksemd Utvikle leiarar som har evne til å vere "tett på" det pedagogiske	Rektorskulen Utvikle felles strategisk planar for sentrale fagområde	2014 - 2017

		utviklingsarbeidet i skulen.		
Kompetanse-utvikling for lærarar	Interkommunalt samarbeid om kompetanseutvikling for lærarar. 2013 – fokus på klasseleiing.	Lærarar med høg fagleg og sosial kompetanse	Prioriterte fagområde: - Lesing - Matematikk - Engelsk - Læringsmiljøet	2014 - 2017
Kompetanse-utvikling for assistentar	Interkommunalt samarbeid om kompetanse-utvikling for assistentar.	Assistentar med høg fagleg og sosial kompetanse	Prioriterte Fagområde: - Sosial kompetanse - Leksehjelp - SFO	2014 – 2017
Samarbeid heim-skule	Opp til kvar einskild skule korleis samarbeidet vert organisert	Utarbeide felles strategi for samarbeid heim-skule	Fokus på samarbeidsrutinar. Utarbeide plan for samarbeid skule – heim	2013 2013 -14
Felles strategiplan for kvalitetsutvikling i skulen	Har i dag fleire planar som går ut i 2014. - Plan for kvalitetsutvikling - Plan for kvalitetsvurdering - Plan for kompetanseutvikling	Sikre likeverdig opplæring for elevane i den kommunale grunnskulen.	Utarbeide nye lokale planverk for utvikling av kvaliteten i grunnskulen	2014

Resultatkvalitet

Område	Status	Mål	Tiltak	Tid
Nasjonale prøver	Obligatorisk for 5., 8. og 9.trinn Resultatet ligg litt under nasjonalt nivå.	Få fleire elevar opp frå nivå 1 på barnesteget og fleire elevar opp frå nivå 1 og 2 på ungdomssteget.	Tidleg innsats med målretta tiltak på alle nivå. Heve kartleggingskompetansen til lærarane i dei grunnleggjande dugleikane.	2014 - 2017

Elev-undersøkinga	Obligatorisk for 7. og 10.trinn. Resultatet ligg litt under nasjonalt nivå	Utvikle gode læringsmiljø i ein ny skulestruktur	Utvikle nye handlingsplanar i samarbeid med elevar og FAU	2013 - 2014
Grunnskule poeng	Resultatet ligg under nasjonalt nivå.	Auke motivasjonen til elevane for læring.	Vurdering for Læring.	2013 - 2017
Nasjonal satsing på ungdomssteget	Osterøy har fått 4 lærar-stillingar finansiert av staten for skuleåret 2013 – 2014	Betre kvaliteten på opplæringa. Redusere behovet for spesialundervisning. Gjere opplæringa meir praktisk retta og meir motiverande for elevane.	Etterutdanning for lærarane med fokus på meir praktisk retta undervisning i alle fag. Auke lærar-tettleiken på ungdomssteget	2013 – 2014 2013 – 2014
Betre læringsmiljø	Fokus på klasseleiing. Nyttar ulike verktøy som Olweus PALS Zero Trivselsleiarane	Utvikle gode læringsmiljø i ein ny skulestruktur.	I samarbeid med FAU og elevråd utvikle nye planar for gode læringsmiljø	2013 - 2014

Skulefritidsordninga

Kvalitetsindikatorar	Status 2012	Status 2013	Mål 2017
SFO-tilbod til alle elevar	Alle	Alle	Alle
SFO-tilbod i feriar	0	0	Alle
Del tilsette med relevant utdanning	48,3%		70%

Tiltak/fokusområde frå kommunedelplanar/temaplanar

Tiltak	2014	2015	2016	2017
Ny plan for Sfo-tilbodet	X	X		
Utvide tilbodet til 11 mnd.-drift		X*		
Plan for kompetanseutvikling av personalet	X			

*Manglar foreløpig finansiering

SFO ordninga er heimla i Opplæringslova jfr. §13- 7. ”Kommunen skal ha et tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1-4 klassetrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. klassetrinn”

Osterøy kommune har ei no SFO-ordning som er kostbar for familiare - og likevel kan vi ikkje tilby opningstider som den enkelte familie er tjent med. Dette medfører store ulemper for både born og foreldre/føresette.

Vaksenopplæringa

Osterøy vaksenopplæring har som overordna mål å gje menneske i vaksen alder kunnskap, innsikt og dugleik som fremjar kvar einskild si verdiorientering og personlege utvikling. Den overordna tanken er «hjelp til sjølvhjelp». For framandspråklege vaksne betyr dette å legge til rette for at dei skal kunne kommunisere utan bistand frå andre i møtet med arbeidsgjevar, NAV, skule, barnehage og helseteneste. For vaksne i grunnskuleopplæring betyr det å legge til rette for at kvar enkelt skal kunne utnytte sitt potensiale, for å gjennom dette auke deltaking i arbeids- og samfunnsliv.

Satsingsområda på vaksenopplæringa har vore Vurdering for læring, med vekt på arbeid med Individuelle opplæringsplanar, periodeplanar, vurdering, elevsamtaler og evalueringsrapportar. Dette for å kvalitetssikra elevane si læring og skulen sin undervisning.

I kommande periode er det ynskjelig med eit tettare samarbeid med helse- og omsorgsektoren i kommunen. Målet er at dei av våre elevar som har eit tverrfagleg hjelpetilbod eller er busett i PU-bustader, i større grad skal oppleve tenestetilbodet som heilskapelig, der vaksenopplæringa si oppgåve er å gjennomføre undervisning som er direkte relevant for elevane sin kvardag og sjølvstende.

Vidare ynskjer ein i større grad å drive læreplanretta undervisning, der færre elevar får fritak frå ordinær læreplan. Per i dag har samtlege elevar som har undervisning etter Opplæringslova § 4A-1, sakkunnig vurdering og derav vedtak om spesialundervisning etter § 4A-2. Dette talet ynskjer ein å minke, og i større grad røre seg mot klassar og undervisning i fag etter læreplan med avsluttande eksamen på lik linje med ordinær grunnskule.

Trenden av innvandring til Osterøy er at det framleis er tilsig av arbeidsinnvandrarar og familiar som ynskjer norskundervisning. Hovudvekta er frå Aust-Europa, men vi ser tendensar til at òg personar frå Sør-Europa no kjem til Osterøy. Disse må ihht gjeldande lovverk betale for norskundervisning sjølve. Av dei som blir registert som familieinnvandra frå land utanfor EØS/EFTA, og dermed har rett og plikt til norskundervisning, ser ein at tal nasjonalitetar aukar. Dersom denne tendensen fortset, må ein rekne med å auke tal timar ein tilbyr i norskundervisning, samt auke talet grupper ein har undervisning i. Frå og med hausten 2013 har ein auka frå to til tre nivå på dagtid. Ein kan måtte vurdere å auke grupper frå to til tre òg på kveldstid. Dette fordi ein veit at den viktigaste faktoren for integrering i lokalsamfunnet, er å meistre språket.

Det vil i nær framtid skje endringar i innhald og sensurering av norskprøver som framandspråklege vaksne har rett til å ta. For det første vil dei bli obligatoriske for alle med

